Organiseringa av mottakssentralane og treninga reiser spørsmålet om reseptordninga er eller bør vere ein konkurrent til private tilbod eller ikkje. Når kommunane sjølve organiserer treninga, kan private aktørar oppfatte dette som ei subsidiert reseptordning retta mot potensielle kundar ved treningssenteret. Dette gjeld ikkje minst kommunar der det offentlege disponerer gode treningslokalitetar. Reseptordninga i ein av kommunane i Nordland har opplevd dette. Noko av det same har vore tilfelle i Kristiansand. Her har private aktørar tatt kontakt med kommunen med spørsmål om støtte, slik at dei kan opprette tilsvarande opplegg som Aktivitet på resept. I denne kommunen opplever også legane at private aktørar tek direkte kontakt med dei for å knytte til seg pasientar. Generelt blir likevel reseptordninga vurdert som eit lågterskeltilbod som ikkje konkurrerer med tilboda til private treningssentra. Enkelte kommunar har derimot samarbeid med treningssenter, noko som gjer at reseptordninga kan bli opplevd som ei opning for treningssentra til å rekruttere nye brukarar. Dette er tilfelle i fleire av fylka, mellom anna i Oppland, der Fysioteka ikkje driv trening sjølve. At det er vanskeleg å få tilvist deltakarar til resepten frå private fysioterapeutar, blir frå mottakssentralane si side vurdert som eit uttrykk for at desse fysioterapeutane opplever tilbodet som konkurrerande verksemd sett frå deira ståstad.

4.2 Å nå ut med ordninga

Arbeidet med å nå ut med ordninga har primært **to målgrupper** som begge er like viktige for ordninga: **potensielle brukarar og tilvisarar**. I all hovudsak skjer spreieing av informasjon gjennom fem kanalar: brosjyrar, informasjonsspreieing på forskjellige møte, nettsider, lokale media og jungeltelegrafan.

Brosjyrar med informasjon om ordninga har vore nytta i alle fylke. Generelt har brosjyrar med informasjon til tilvisar i stor grad vore retta mot legar og fysioterapeutar. I nokre av kommunane blir det sendt ut bulletinar/nyheitsbrev med jamne mellomrom til legane, om kva som har skjedd og kva som skjer vidare. Dette er meint som ei orientering og ei påminning om ordninga. Nordland og Buskerud, som på mange felt er likt organiserte, har utvikla ei felles brosjyre for reseptordninga. I Oppland er det ikkje berre tilvisarar og potensielle brukarar ein skal informere om ordninga, men også potensielle lag, organisasjonar og treningsstader.

For å nå potensielle brukarar blir det lagt ut brosjyrar på til dømes kontor og venterom hos tilvisarar. Slike brosjyrar blir også lagt ut på helsestasjonar, NAV-kontor, sjukehus, apotek, idrettssenter, brukarorganisasjonar og liknande. I

enkelte kommunar har det vore etablert ein omfattande struktur i forhold til spreing av informasjon. I ein kommune i Nordland blir det til dømes sendt ut informasjon om ordninga til alle husstandane med jamne mellomrom, medan det i ein kommune i Buskerud blir sendt ut informasjon til alle nye innbyggjarar og nyttilsette i kommunen.

Informasjonsspreing på møte er også ein viktig måte å nå ut med ordninga på. Representantar for ordninga nyttar ofte høve til å informere ved å halde innlegg på møte, konferansar eller kurs for brukargrupper eller tilvisarar. I andre tilfelle blir det arrangert meir direkte møte med tilvisarar.

I ein del mindre kommunar kan det synast å vere ein fordel at alle eller dei fleste av legane i kommunen er **samløkaliserte**. Ofte er også mottakssentralen lokalisert på same stad. Slik samlokalisering blir gjerne vurdert som ein stor fordel for å nå ut med informasjon om ordninga.

Kristiansand kommune har, med sine 68 fastlegestillingar fordelt på 23 legekontor, ei stor utfordring i forhold til å nå ut med informasjon. Sjølv om fleire her peikar på at det kanskje burde ha vore jobba endå meir ut mot legestanden i kommunen, har det vore gjort ein god del på dette feltet. Dei har møtt desse utfordringane gjennom å etablere gode strukturar i forhold til informasjon og kontakt med legane i kommunen. Assisterande kommunelege har vore bindeleddet ut mot legene, noko prosjektgruppa har vurdert å vere svært viktig i denne samanhengen. I tillegg har det vore informasjonsmøte på legesenter/kontor og presentasjonar i etterutdanningsgrupper for legane. I begge tilfelle har prosjektkoordinator hatt ei sentral rolle. I perioden 2005-07 er det registrert at 61 fastleger/vikarar i kommunen har tilvist til ordninga (Prosjektrapport "Aktivitet på resept" 2005-07).

Også i Drammen, som er den andre store bykommunen i undersøkinga, har det vore jobba mykje ut mot legane. Her har dei rutinar for å gi legane informasjon frå mottakssentralen og reseptordninga jamleg. Sentralt i denne rapporteringa er til dømes tal på tilvisningar, tal på personar som fullførar og tal på legar som tilviser. Ved utgangen av året blir det også gitt informasjon om gjennomsnittleg framgang på mellom anna gåtestar.

Ulike media blir også nytta for å informere om ordninga. Nettsider om ordninga er vanleg både på kommune- og fylkesnivå. Ikkje alle sidene er like tilgjengelege eller har same kvalitetsmessige innhald. Oppland er eit døme på eit fylke der det har vore arbeidd godt med synleggjering av ordninga på fylkesnivå. Her har både fylkeskommunen og fylkesmannen internettsider med kontinuerlege oppdateringar, som synleggjer og informerer om ordninga på ein god måte.

Mange kommunar treng å arbeide meir for å synleggjere ordninga på internett. Som nemnt over vil tilgjengelegheit (at sidene er lette å finne fram til) og at det er god kvalitet på sidene vere viktige faktorar i dette arbeidet. Kontinuerleg oppdatering ved endringar og presentasjonar av hendingar og nyheiter vil vere element som vil underbygge kvaliteten på sidene.

Bruk av annonsar i aviser eller oppslag er vanlege måtar å gi ut informasjon om ordninga på. Det siste blir vurdert som særskild effektivt i forhold til å nå ut til målgruppa. Dette kan vere oppslag anten på lokal-tv eller i lokalavisa. Nokre kommunar finn det likevel vanskeleg å nå ut gjennom desse kanalane, når etableringa av ordninga etterkvart blir gamalt nytt. Andre stader opplever ein at temaet lett let seg formidle til media, der helse- og livstilsstoff generelt vekker interesse. Sjølv om media kan vere ei hjelp i forhold til å nå ut, kan det vere ei utfordring å finne nye innfallsvinklar som vekker interesse frå media.

Uavhengig av korleis ein har lukkast i å nytte media er det brei semje om at det er viktig å formidle informasjon på denne måten og at det må vere **kontinuerlege prosessar** overfor tilvisarar og potensielle brukarar. Også i forhold til andre former for informasjonsspreiing blir det understreka at det ikkje nyttar å berre legge vekt på dette i ei oppstartsfase. Hos dei fleste har det vore fokusert på å informere om ordninga i byrjinga av prosjektet, men ikkje i alle tilfelle vidare i prosjektfasen. Ein informant svara følgjande på korleis mottakssentralen arbeider for å gjere ordninga kjend blant potensielle brukarar i kommunen: *Nei, vi har ikke gjort noe særlig på det. Laget en brosjyre i starten av prosjektet. Her har vi nok ikke vært gode nok.*

Når ikkje alle har lagt like stor vekt på arbeidet med informasjon kan det skuldast både manglande merksemd og/eller nødvendige prioriteringar ut frå budsjettrammane ordninga har lokalt.

Jungeltelegraf er også ein svært aktuell kanal for å nå ut med informasjon om ordninga, altså spreiding av informasjon mellom potensielle brukarar.

Å få på plass deltakarar

Det tek tid å etablere reseptordninga. Dette er erfaringa i kommunane som har hatt ansvaret for utviklingsarbeidet og dette er også erfaringa frå Sverige (Kallings og Leijon 2003, Leijon og Jacobson 2006). Eit viktig spørsmål er i kva grad mottakssentralane opplever at det er ei stigande eller fallande mengde reseptbrukarar knytt til ordninga. Det er blanda erfaringar knytt til dette punktet. Nokre av sentralane opplever ei fallande kurve. Hos desse blir det i stor grad framheva at ordninga ikkje lenger har aktualitet som den hadde i byrjinga og at det er vanskeleg å nå fram med nye oppslag om ordninga i lokale media. Andre mottakssentralar opplever at talet på reseptbrukarar er aukande. I desse tilfella blir det framheva at ordninga har blitt gradvis meir innarbeidd blant tilvisarar og kjend blant potensielle brukargrupper.

På spørsmål om **tal tilvisingar i forhold til den kapasiteten** mottakssentralen har, svarer **70 prosent** at det i noko grad er **for få tilvisingar** eller at det er alt for få tilvisingar. Vest-Agder skil seg ut ved at nær sagt alle mottakssentralane anten i nokon grad eller i stor grad har for få brukarar i forhold til kapasiteten på sentralen. Ut over dette er det ikkje nokon klare forskjellar mellom fylka.

I ei oppfølgingsundersøking sommaren 2008 vart mottakssentralane bedne om å samanlikne talet på personar som starta i 2006 og 2007. Her svara 43 prosent at dei hadde hatt ei moderat auke og 19 prosent at dei hadde hatt ei stor auke i talet på personar som byrja i 2007, samanlikna med i 2006. I 24 prosent av tilfella hadde dei hatt ein nedgang (moderat eller stor). Fleirtalet av sentralane har såleis hatt eit stigande tal reseptbrukarar.

I Oppland har talet på brukarar av resepten auka sidan oppstarten i 2006. Innan utgangen av 2006 var det registrert 95 reseptbrukarar. I 2007 var det 271 registrerte brukarar. Dette gir nærast tredobla mengde reseptar. Også Nordland hadde sterk vekst, med 222 registrerte brukarar i 2006 og 355 i 2007. I Vest-Agder var det første driftsår 252 reseptbrukarar, medan det i andre driftsår var 185. Dette gir ei fallande kurve i Vest-Agder.⁸

Potensiale sett i forhold til erfaringar frå Danmark og Sverige

I ei undersøking frå Danmark er det gjort berekning av potensialet for deltakarar til reseptordninga. Müller m. fl. (2007) fastset potensialet til å vere 50-150 deltakarar årlig pr 50 000 innbyggjarar, gitt at tilbodet geografisk dekkjer heile kommunen. Det blir sagt at talet i stor grad vil variere etter kor mykje tid som blir sett av til koordinering og annonsering. Ein av medforfattarene i rapporten, Arne Gårn, presiserar at overslaga er basert på erfaringar i ein prosjektperiode. Han trur difor at potensialet truleg vil vere større når ein får etablert ordninga. Dette er viktig å ha in mente når ein skal gjere samanlikningar med Noreg. Det er også viktig å vere klar over skilnadane mellom Danmark og Noreg når det gjeld geografi og busettingsmønster. Med dette som bakgrunn gjer vi eit overslag på kva berekningane frå Danmark vil innebere i norsk samanheng.

Innbyggartalet i deltakarkommunane spenner frå 1.600 til 79.000, noko som gjer at tal potensielle deltakarar også vil variere sterkt. Dersom ein ser vekk frå Kristiansand og Drammen (som har ei vesentlig større befolkning samanlikna med dei andre kommunane) har kommunane som har svara på undersøkinga av mottakssentralane i gjennomsnitt 8.300 innbyggjarar. Med tala frå Danmark som grunnlag, vil potensialet i dei norske kommunane vere mellom åtte og 25

⁸ Oppland: Årsrapport 2007 Opplandsresepten. Fysiotekmodellen. Nordland: Tal basert på opplysningar frå fylkesansvarleg for ordninga i Nordland, Geir Lærum. Vest-Agder: Prosjektrapport for "Aktiv på resept" 2005-2007 i Vest-Agder fylke. Vest-Agder Fylkeskommune. Vi har ikkje, trass fleire puringar, fått informasjon frå Buskerud på dette punktet.

deltakarar pr år. For dei same kommunane er snittet 33 personar som starta på resepten i 2006.⁹ Det er ei viss usikkerheit i forhold til kva mottakssentralane har inkludert i oppsummeringa av deltakarar i 2006. I kvalitative intervju har det kome fram at registreringspraksis kan variere noko, mellom anna i forhold til dobbeltregistrering av personar som får meir enn ein resept. Likevel er det verd å merke seg at **deltakarkommunane i Noreg hadde eit høgare snitt samanlikna med berekningane gjort i Danmark.**

Samanliknar ein desse tala med ei undersøking i Östergötland i Sverige er bildet annleis. Länet, som kan samanliknast med eit fylke, har meir enn ein sentral per kommune. Kvar sentral har eit tal pasientar knytt til seg. Små sentralar er dei som har færre enn 7 000 pasientar. For å få tilskot i ordninga kalla Mål & Mått for mengde tilvisingar måtte desse sentralane ha 50 reseptar i 2004 (Leijon og Jacobsen 2006). Mellomstore sentralar, altså dei med 7 000-13 000 pasientar knytt til seg, måtte ha 75 reseptar, medan store sentralar med meir enn 13 000 tilknytte pasientar måtte ha 100 reseptar per år for å få tilskot for volum.

Det er vanskeleg å samanlikne utrekningane frå Danmark og Sverige, då det er tal på deltakarar og tal på utskrivne reseptar som skal samanliknast. Gjer ein likevel ein slik samanlikning ser forventningane til utskrevne reseptar/deltakarar ut til å vere større i Sverige enn i Danmark.

I ei overføring av dei svenske tala til ein norsk kontekst møter ein også eit problem i samanstillinga av Vårdcentralar og kommunar. Dersom ein likevel vel å sette ein Vårdcentral lik ein kommune (som har ein mottakssentral), ville mange av dei norske kommunane hatt problem med å få tilskot i Mål & Mått-ordninga i 2006.¹⁰ Kommunar med færre enn 7000 innbyggjarar hadde i 2006 eit snitt på 22 utskrivne reseptar, medan kommunar med 7 000-13 000 innbyggjarar hadde eit snitt på 75 utskrivne reseptar. I denne kategorien dreg Modum opp snittet.¹¹ Til slutt hadde kommunar med fleire enn 13 000 innbyggjarar i snitt 52 utskrivne reseptar.

Totalt ville tre av dei norske kommunane, ein i kvar kategori, oppnådd tilskot for volum i Mål & Mått. I si undersøking viser Leijon og Jacobsen (2006) at 87 prosent av sentralane i Östergötland faktisk oppfylde volumkravet i 2004. **Dette indikerar at det bør vere potensiale for fleire reseptar i Noreg.**

Ser ein på gjennomsnittet av tilvisningar i 2006 opp mot befolkningsgjennomsnittet i kommunane kjem Buskerud godt ut i antal

⁹ Sjølv om Modum har svært mange deltakarar i forhold til innbyggartalet, blir ikkje tala nemneverdig endra sjølv om denne kommunen blir halde utanfor.

¹⁰ To kommunar hadde ikkje tal på kor mange reseptar som vart skriven ut i 2006. Storbykommunen Kristiansand var ein av desse.

¹¹ Held ein Modum utanfor er snittet i denne kategorien 47 reseptar.

tilvisningar (sjå tabell 4.2), men her er det også eit stort grunnlag i befolkninga.¹² Nordland er det fylket som har den høgaste andelen reseptomottakarar.

*Tabell 4.2. Fylkesvise tilvisningar i 2006.*¹³

	Tilvisningar (snitt per kommune)	Gjennomsnitt befolkning (i kommuner med tal på tilvisningar i 2006)	Promille av befolkninga i som fekk skrive ut resept (snitt) ¹⁴
Buskerud	75	16 916	4,43
Nordland	37	7 542	4,90
Oppland	28	10 037	2,78
Vest-Agder	32	8 766	3,65

Ser ein nærare på samanhengen mellom kapasitet/tal deltakarar og innbyggartal finn ein også interessante skilnader. I undersøkinga er det tretten kommunar med 6 000 eller færre innbyggjarar. Ingen av desse kommunane har svara at dei har passe mengde eller i noko grad for mange tilvisningar i forhold til kapasitet. Svara kan tyde på at kapasiteten relativt sett er betre i mindre kommunar.

4.3 Bruk av helsesamtaler

For å oppnå livsstilsendingar er det sentralt at brukaren sjølv tek tak i eigen situasjon for å betre eiga helse. Her har **helsesamtalen ein sentral plass i alle fylka**. Kommunane har også samarbeidd på tvers av fylkesgrensene i utviklinga av helsesamtalen, blant anna gjennom eit tett samarbeid mellom kommunar i Nordland og Buskerud. Mange av dei som sit som ansvarlege lokalt framhevar helsesamtalen som ei av dei sterke sidene ved reseptordninga.

Utviklingsarbeidet rundt samtalen har såleis hatt høg prioritet i mange kommunar. Ein av informantane understrekar dette på følgjande måte:

Vi har mye fokus på empowerment, å gi folk troen på at de har ressurser. At folk får styring over egne liv, det er der løsningen ligger, den ligger ikke hos legen eller fysioterapeuten selv om de også er viktige. Dersom ikke individet får en bevissthet på sin egen rolle, så kommer vi til å fortsette dette reparasjonssamfunnet til evig tid. Jeg tror denne resepten er et sted å begynne. Motivasjonssamtalen er kjerneelementet, også vil andre ting følge etter.

Nøkkelinformant på fylkesnivå

¹² I tillegg dreg Modum opp snittet på tilvisningar i fylket. Motsatt dreg forholdet mellom tilvisningar og befolkning i Drammen snittet ned. Vidare er tala for Vest-Agder sterkt påverka av at Kristiansand ikkje hadde registrert tal på tilvisningar i 2006. Dei siste er difor ikkje med i utrekninga.

¹³ Troms er ikkje tekne med i denne utrekninga, då det berre var ein kommune herfra som svara på undersøkinga.

¹⁴ I denne utrekninga tek ein ikkje omsyn til at ein person kan ha fått skrive ut fleire reseptar

Å tilføre kunnskap om samanhengen mellom levevanar og helse er eit tema gjennom heile reseptperioden. Det blir ofte introdusert i den første helsesamtalen. Vidare blir det vektlagt at helsesamtalen skal vere lagt opp på ein måte som treff den enkelte. Ein vellukka helsesamtale er eit startpunkt for dei som skal bruke ordninga. Utfallet av helsesamtalen er såleis viktig for det som skjer vidare. Det sentrale er å **motivere brukaren til å ta tak i eigen situasjon**, samt å gi han eller ho trua på egne ressursar og evna til å ta styring over eige liv. Helsesamtalene er følgeleg lagt opp slik at brukarane sjølve skal trekkje konklusjonane i forhold til endringar i levemåte, framfor berre å bli fortalt kva dei skal gjere. Ei slik tilnærming er i tråd med forskning som viser at om den enkelte får tiltru til han eller ho sjølve kan medverke til å endre eigen situasjon, gjer det lettare å halde motivasjonen oppe over tid (Barth m. fl 2001). I denne prosessen skal dei ansvarlege på mottakssentralen meir fungere som hjelparar. Helsesamtalen blir brukt til å kartlegge helsetilstand og motivasjon, for så å ende ut med ein plan for gjennomføring, der målet er at den skal opplevast som realistisk for den det gjeld. Erfaringane viser mellom anna at nokre av deltakarane har ein klar plan for kva dei vil når dei møter til helsesamtalen, medan andre veit lite både om ordninga og stiller utan bestemte mål for eiga deltaking.

Helsesamtalen synest generelt å vere godt etablert, strukturert og i mange tilfelle utvikla ut frå eit klart teorigrunnlag. Det har vore fokusert på korleis ein skapar god kommunikasjon og oppbyggjande prosesser hos brukaren. Sjølv om det i helsesamtalen blir **lagt vekt på kor viktig det er at brukaren sjølv tek tak i eigen situasjon, kan det virke som om moglegheita for fråfall/tilbakefall berre til ein viss grad blir diskutert i den innleiande helsesamtalen**. Mæland (2005) peikar på at tilbakefall helst bør takast opp som tema før dei inntreff. Rådgevaren bør førebu brukaren på at dette kan skje. Planlegginga av ei åtferdsending bør omfatte moglegheita for tilbakefall og strategiar for meistring av slike (ibid).

Hovudfokus i helsesamtalane ligg ofte på det å styrke motivasjonen for å endre levevanar. Samstundes gir samtalen eit første høve til å gjere den enkelte betre kjende med **kva tilbod som faktisk eksisterer lokalt**. Dette gjeld ikkje minst i Oppland, der ein skal rett over i ordinære tilbod i kommunen. Ein av fysioterkarane illustrerer dette poenget slik: *Mange av brukerne har bodd her hele livet, og så er de ikke klar over at det er et nytt klubbhus i kommunen, så det er mykje å informere om*. Men også i dei andre fylka, er det eit poeng å gjere kvar enkelt medviten om kva tilbod som finst lokalt.

4.4 Bruk av testar

Bruk av WONCA-testar er svært vanleg i Nordland, Buskerud, Vest-Agder og Oppland. Testen blir som regel gjennomført to gonger, ofte i byrjinga og på slutten av reseptperioden. WONCA prøver å fange opp den subjektive

opplevinga av eiga fysisk form og generell tilstand. I mange tilfelle er testen ein integrert del av helsesamtalen.

I ein del tilfelle blir også UKK-testar brukt, som er ein måte å måle kondisjon på. Testen er ein gåtest, basert på resultatata av to kilometer rask gange. Det er forskjellar mellom fylka i kva grad dei bruker UKK og kva erfaringar dei har med testen. Nordland og Buskerud er dei fylka som i størst grad brukar UKK-test, medan det i Oppland er mindre vanleg. I Buskerud har ein av kommunane også tilbod om ein test etter eitt år, i tillegg til dei to testane i reseptperioden. Resultata etter eit år viser at dei tidlegare reseptdeltakarane då som oftast ligg på eit nivå mellom resultatet frå første og andre gåtest. Sjølv om resultatet ikkje er like godt som den siste testen i reseptperioden, er dei i betre form enn då dei starta på opplegget. Om dette skuldast at dei er meir fysisk aktive, eller om det tar meir enn eit år å komme ned igjen på det nivået dei var på før intervensjonen, har vi ikkje noko grunnlag for å seie noko om. Det kan også vere ei skeiv fordeling på testen som blir tatt etter eit år, der det er mest personar i relativt god form som takkar ja til tilbodet om ny test.

4.5 Kosthald og røykeslutt – integrerte delar av reseptordninga?

Hovudinstrykket er at reseptordninga først og fremst handlar om fysisk aktivitet. Dette inneber likevel ikkje at det ikkje er tilbod innan kosthald og røykeslutt som brukarane av reseptordninga kan nytte seg av i kommunane.

Det er forskjellig integrering av kosthald og røyk i reseptordninga i dei ulike kommunane. Somme kommunar har faste kurs som til dømes er organisert gjennom FYSAK-sentralen. Andre har fast avtale med organisasjonar eller likande som kan tilby kurs, medan andre igjen berre sporadisk har kurstillbod. I Nordland og Buskerud har ein integrert røyk- og kosthaldsproblematikken i ordninga ved å ta dette opp på temasamlingar som blir arrangerte i etterkant av treninga.

Det er relativt vanleg å ta opp røyk og særleg kosthald i helsesamtalen. Ei årsak til at det kan vere noko meir fokus på kosthald kan ligge i at relativt få av dei som deltek i reseptordninga er røykarar. Sjølv om røyk og kosthald blir tatt opp i helsesamtalen er det erfaringsmessig likevel ofte vanskeleg å følgje dette opp. Respondentar har peika på at fysisk aktivitet kan vere eit lettare startpunkt i forhold til endring av levevanar. Fleire tilrår difor deltakarane å ta ein ting om gongen. Barth m. fl. (2001) peiker på at det kan vere føremålsteneleg å gjere endringane i små steg, for på denne måten å auke tiltrua til eiga meistring.

Faktaboks 4.1

Informasjon om røykeslutt og sunt kosthald

- Mottakssentralane i Nordland og Buskerud har hatt som mål å integrere røykeslutt og kosthald som ein del av reseptordninga. I Oppland og Vest-Agder har ein primært hatt fokus på fysisk aktivitet.
- Nær sagt alle mottakssentralane, bortsett frå dei i Vest-Agder gir systematisk informasjon om røykeslutt i løpet av reseptperioden. Det vanlegaste er at det blir teke opp i helsesamtalane (70 prosent). På 40 prosent av sentralane blir det nytta informasjonsmateriell om røykeslutt og på 53 prosent av sentralane får brukaren i løpet av reseptperioden tilbod om kurs i røykeslutt. Det er forskjellar mellom fylka i forhold til tilbod om kurs. Røykesluttkurs blir i stor grad tilbode i Buskerud og Nordland og i mindre grad i Vest-Agder og Oppland.
- På 87 prosent av sentralane blir det gitt systematisk informasjon om kosthald i løpet av reseptperioden. Det vanlegaste er at det blir teke opp i helsesamtalane (83 prosent). I 50 prosent av tilfella blir det nytta informasjonsmateriell om kosthald og i 50 prosent av tilfella får brukaren i løpet av reseptperioden tilbod om kosthaldskurs. Det er forskjellar mellom fylka i forhold til tilbod om kurs. Det er vanleg med tilbod om kosthaldskurs i Buskerud, uvanleg i Oppland.

Kjelde: Kartlegging blant mottakssentralane

Sterk vektlegging av fysisk aktivitet, kan også vere eit resultat av den kompetansen som er best representert på mottakssentralane. Ernæringsfysiologar står til dømes berre unntaksvis for gjennomføringa av helsesamtale og gjennomføring av aktiviten. I kompetansekartlegginga vart respondentane spurt om kva kompetanse dei bruker i gjennomføring av helsesamtalen. Respondentane vart også spurt om det same i forhold til kva kompetanse dei brukar i gjennomføringa av reseptperioden. Tabellen viser resultatet når dei to spørsmåla slått saman.

Tabell 4.3. Samla tal for helsesamtale og gjennomføring (N=22).¹⁵

	Bruker eige personale med utdanning på feltet	Bruker eige personale som har teke kurs på feltet	Bruker eige personale med god real-kompetanse på feltet	Bruker ekstern kompetanse på feltet	Har ikkje tilgang på slik kompetanse
Fysisk aktivitet	86	27	25	14	2
Kostrettleiing	33	54	49	19	7
Røykeslutt	7	31	21	36	17

Sentralane har god tilgang på personale med utdanning innan fysisk aktivitet. Færre har utdanning innan kostrettleiing, men halvparten av sentralane har eige personale med kurs eller god realkompetanse på feltet. Kompetansen på røykeslutt er svakast. Enkelte av sentralane manglar heilt tilgang på slik kompetanse. Desse skilnadane i kompetanse gir også klare utslag i kva temaområde det i praksis vert arbeidd mest med i reseptperioden.

Sjølv om det ikkje alltid er etablert formelle strukturar, viser det seg ofte at røyk og kosthald blir aktualisert i meir uformelle samanhenger i reseptperioden. Brukarane opplever til dømes at eigne røyke og kostvanar påverkar prestasjonane under trening. Endringar i åtferd kan ofte framskundast av ei ytre hending. Mæland (2005) kallar dette eit *utløysande moment for handling*. Å kjenne at ein ikkje er i form til å halde tempoet til gruppa kan vere eit slikt *utløysande moment for handling*, som gjer at deltakaren ønskjer å auke sin kunnskap om til dømes kosthald og røyking. Særleg kosthald ser ut til å verte mykje diskutert på trening og som vist over er dette noko som ein del av instruktørane har kunnskap om. Gjennom spørsmål og svar oppnår ein å styrke fokus og brukaren sin kunnskap om røyk og kosthald.

I og med at brukarane i Oppland blir sendt til forskjellige organisasjonar og lag, er det meir "tilfeldig" om kosthald og røykeslutt blir integrerte delar av treningsopplegget. Til dømes vil kosthald og røykeslutt vere ein naturleg del av tilbod organisert av foreiningar som Landsforeningen for hjerte- og lungesyke, medan det andre stader er mindre fokus på dette.

4.6 Organisering av treninga

Treninga er ulikt organisert i dei ulike fylka. Frisklivssentralane utfører som alt nemnt treninga sjølve. Fysioteka i Oppland sender brukarane vidare til lokale lag, foreiningar eller kommersielle aktørar som tilbyr aktuelle treningstilbod. Buskerud og Nordland har organisert ordninga som Frisklivssentralar, medan Oppland har etablert Fysiotek. Vest-Agder har si ordning organisert som

¹⁵ Her kunne kvar enkelt krysse av for fleire svaralternativ.

Frisklivssentralar, men skil seg likevel frå Buskerud og Nordland. Skiljet går på at i Vest-Agder blir det brukt eit større innslag av private aktørar til å drifte mottakssentralane, medan det i Buskerud og Nordland er kommunane sjølve som står for drifta.

Faktaboks 4.2

Kombinasjon av treningsformer

- Utetrening er ein viktig del av treninga brukarane får tilbod om i reseptperioden. Ingen sentralar har svart at dei berre trenar inne, medan 87 prosent har ei kombinasjon av inne- og utetrening.
- Det er vanleg å kombinere intensiv trening og meir mosjonsprega trening (64 prosent). Ingen av sentralane har berre intensiv trening.

Kjelde: Kartlegging blant mottakssentralane

I dei fleste tilfella er det lagt opp til **to treningar for veka**. Ei vanleg treningsøkt varer frå ein og opp til to timar. I Nordland og Buskerud er treninga som oftast lagt til tidleg ettermiddag, medan det i Vest-Agder er vanlig med trening på føremiddagen. Det har vore gjort forsøk med gruppeaktivitet på ettermiddags- og kveldstid i fleire fylke, men erfaringane så langt har vore at oppslutnaden om dette er avgrensa. Både brukarane og aktivitetsleiarane i Vest-Agder peikar på at det er gunstig med trening på føremiddagen i forhold til å opprette og oppretthalde ei god døgnrytme, samt at ein har effekt av treninga resten av dagen. Fleire meiner også at det er gunstig å trene på føremiddagen når det er lyst, spesielt i den mørke årstida. Også i Nordland og Buskerud blir treningstidene vurderte som greie. Blant dei som er i arbeid blir det lagt vekt på at treningstider på slutten av arbeidsdagen, rett etter arbeidstid eller eventuelt først på arbeidsdagen er mest aktuelt. Å finne treningstider som passar fleire er også ei ekstra utfordring i tilfelle der enkelte av deltakarane må reise langt for å kome seg på trening. Ein konsekvens anten treninga er lagt til føremiddag eller tidleg ettermiddag, er likevel at dei som er i arbeid ofte må gjere avtalar med arbeidsgjevar eller ha ei sjukemelding som gjer det mogeleg å følgje treninga.

Tilgang til treningsstaden blir i dei fleste tilfelle ikkje opplevd som noko hinder for deltaking. I spørjeundersøkinga retta mot mottakssentralane sa 60 prosent seg heilt eller nokså ueinig i ein påstand om at det er vanskeleg å få brukarar til å delta på grunn av store reiseavstandar. Det er likevel store variasjonar mellom kommunane, der geografien kan vere til større hindring somme stader. Heller ikkje reisekostnader synes å vere sentralt i forhold til deltaking for fleirtalet av kommunane. Til ein påstand om at det er vanskeleg å få brukarar til å delta på grunn av store reisekostnader seier 80 prosent seg nokså eller helt ueinige.

I Nordland har særleg ein av kommunane opplevd at reiseavstandar kan påverke deltakinga på resepten og jobba aktivt for å finne løysingar på dette. Det har vore lagt til rette for ei ordning der brukarane har fått **refundert reiseutgifter** på lik line med refusjonsordningar for andre tenester, ved at lege eller fysioterapeut har vore til stades og følgt opp brukarane under trening. Andre kommunar i fylket kjenner problemstillinga, men har ikkje jobba med tiltak for å legge til rette for dette. Dermed opplever til dømes ein av kommunane at dei først og fremst rekrutterer frå sentrumsområde, der store delar av befolkninga i kommunen er å finne, medan øyane i kommunen i praksis fell utanfor ordninga. Igjen ser ein at det er ulike faktorar som kan spele inn når det gjeld deltaking.

Trening i grupper

I Nordland, Buskerud og Vest-Agder er utetreninga ofte organisert som stavgang i grupper, der det er lagt inn ulike former for meir intensiv trening, som til dømes intervall. Det kan også vere lagt inn ulike øvingar i løpet av treningsturen. Tilbakemeldingane peiker i retning av at aktivitetsleiarane har god fagkunnskap om å legge til rette for å få **rett intensitetsnivå og best mogleg effekt av treninga**. Det blir lagt vekt på at treninga skal tilpassast dei fysiske føresetnader brukarane har, samtidig som at treninga må ha ein viss intensitet for å ha effekt. I aktiviteten ute legg ein vekt på å bruke naturen; gjerne terrenget i nærrområde. Dette ut frå ein tanke om at det **å vere i naturen skal gi positive opplevingar og meirverdi ut over det å trene**. Dette blir sett på som ei av moglegheitene for å oppnå varig livsstilendring hos brukarane.

Det er vanleg med **kontinuerleg inntak** i treningsgruppene. Dette gjer at det kan vere ulik fysisk form på brukarane som nett har byrja versus dei som nærmar seg slutten av reseptperioden. I fleire av prosjekta blir det kontinuerlege inntaket hevda å gi ein god dynamikk mellom deltakarane, der dei som nettopp har byrja strekk seg etter dei "vidarekomne", og sistnemnde gruppe hjelper dei som nettopp har byrja. Ein slik ekstra motivasjon frå ein som kanskje har vore i same situasjon, kan vere særskilt viktig i det som kan opplevast som ei tung oppstartsfase. Ein faktor som kan vere avgjerande i forhold til om brukaren fortsett eller sluttar på treninga.

Rundt halvparten av mottakssentralane har **krav for deltaking i gruppeaktiviteten**. Eit typisk krav kan vere at deltakarane skal kunne gå i eige tempo i 30 minutt. Sjølv om dei ansvarlege på mottakssentralane i liten grad oppfattar krava som ekskluderande, har fleire framheva at det kan vere tungt for dei mest overvektige å delta i treningsgruppene. Krava knytt til deltaking i reseptordninga synest likevel å vere lågare samanlikna med tilrådingane frå ei evaluering frå Danmark (jf kapittel 6.1). I Oppland blir brukarane vist til aktivitetar som fysiotekar og brukar saman blir einige om at vil passe for brukaren. Dermed er det ikkje sett generelle krav for deltaking på mottakssentralane her. Dette til forskjell frå mottakssentralar som for eksempel har gruppetrening i meir tradisjonell forstand. Det er også døme på

Frisklivsentrar som har sendt potensielle reseptdeltakarar til andre tilbod, fordi dei har opplevd dei som for spreke til ordninga. Andre vurderer dette annleis, mellom anna fordi det er viktig å ha nok deltakarar for å skape rett gruppedynamikk.

Som regel er **fysioterapeutar og helse- og treningspedagogar** knytte til ordninga. Det er vanleg at ein instruktør deltek på treningane, men i nokre av dei større kommunane er det lagt opp slik at det jamt over deltek to instruktørar. Fleire av instruktørane opplever at dersom gruppa blir for stor, for eksempel over 15 personar, kan det vere vanskeleg å gi tilstrekkeleg individuell oppfølging med berre ein instruktør. I nokre tilfelle blir dette løyst ved at tidlegare deltakarar blir med vidare i gruppetreninga og tek rolla som medinstruktør. Når til dømes stavganggruppene er store blir dei som ligg lengst bak i gruppa prioritert, slik at dei ikkje blir gåande aleine. Gitt at ordninga skal nå ut til **grupper som ikkje fell inn under andre tilbod, er det viktig at desse blir prioritert under stavgang**. Det ville heller ikkje ha vore medisinsk forsvarleg om dei som slit mest blir overletne til seg sjølv. I slike tilfelle legg gjerne dei som er i best form inn nokre ekstra intervall/øker.

Det er vanleg å ha ein kombinasjon av inne- og utetrening. I Buskerud og Nordland kan utetreninga i enkelte tilfelle bli avslutta med øvingar inne. I andre tilfelle er det sett av ein eigen dag til trening inne. Når det er dårleg vêr er det ein del av sentralane som har tilbod om trening inne. Innetreninga føregår oftast i lokale som kommunen sjølv disponerer, men blir i enkelte tilfelle også gjennomført til dømes på treningsstudio.

Med utetrening følgjer variasjonar i vêr. Ein instruktør refererte til følgjande episode:

I fjor hadde vi en kjempetur med snø til over knærne. Vi kom ikke langt, men de fikk trent godt og dette hadde ikke de gjort siden de var 5-6.

Ansvarleg på mottakssentral

Ein annan uttalte følgjande:

Tanken om å være ute er bra. Vi har strukket det langt, tenkt at det bare er å kle seg. Etter første 10-12 minuttene er det egentlig bare herlig, selv om det snør litt på tvers. Men kanskje støter det fra oss noen målgrupper. Kanskje burde det ha vært mulig å være inne.

Ansvarleg på mottakssentral

Utsegna over viser korleis deltakarane gjennom ordninga kan få auka innsikt i kva kapasitet dei har og gjennom dette få auka sjølvtilit. Det er likevel, som det siste sitatet peikar på, ei fare for at ein støyter frå seg enkelte grupper ved å leggje opp til for friske turar. Kjem alle deltakarane i gruppa på ein dag med masse snø, eller er det dei mest ressurssterke i gruppa som kjem? Det er viktig

at aktivitetsleiarane gjer analysar av kva grupper som har ein tendens til å slutte i reseptperioden og kva ein kan gjere lokalt for å motverke dette fråfallet. Ei god forståing av korleis ein skal organisere lågterskelaktivitetar og kva nivå ho bør ligge på, er eit viktig startpunkt.

Fleksibilitet i treninga

Sjølv om det er mykje som er standardisert i gruppetreninga er det likevel noko **fleksibilitet**:

- Gjennom tilrettelegging for innetrening når spesielle forhold tilseier at den enkelte er avhengig av det.
- Somme stader har ei samling av gruppa i veka, medan kvar enkelt kan velje mellom dei andre aktivitetane som FYSAK tilbyr den andre dagen. Nokre stader kan også reseptdeltakarane utan ekstra kostnad delta på andre FYSAK-tilbod i tillegg til dei to faste treningane knytt til resepten.
- I Oppland ser ein i nokre tilfelle at terskelen for å delta i lokale lag og foreiningar er for høg for enkelte brukarar. I andre tilfelle kan det reint praktisk vere vanskeleg å få til eit opplegg, dersom kommunen har få tilbod som treff dei behova brukaren har. I slike tilfelle blir det lagt opp til at brukaren gjennomfører treninga åleine. Dei som har eigenaktivitet får gjerne med seg eit kort, der dei registrerer kvar gong dei går tur.
- Også i andre fylke er det eksempel på opning for å legge opp individuelle treningsopplegg og bruk av treningsdagbok. Det er likevel få sentralar som brukar individuell dagbok.
- I Drammen, der ein har mange aktivitetar tilgjengelege utanom sentralen, er det lagt opp til at brukaren skal vere med på ein (eller to) aktivitetar ut over det som skjer ved sentralen. Det er også i somme kommunar lagt opp til at andre eksisterande tilbod skal nyttast, men då i forlenginga av reseptordninga, mellom anna i Kristiansand.

Det er likevel slik at fleksibiliteten for brukaren i stor grad ligg i tilpassingar under treningsturen i dei tilfella der denne er organisert som gruppetrening. Døme på dette kan vere at dei som er i best form går litt lenger, tar ein bakke to gonger eller har litt ekstra intervalltrening medan dei ventar på resten av gruppa.

Fleksibiliteten er eit av fortrinna med ordninga i Oppland. Brukarane har stor innverknad på kva slags aktivitet han eller ho skal vere med på. I og med at det blir lagt sterk vekt på motivasjonen til kvar og ein, blir det brukt mykje ressursar på å finne aktivitetar som passar den enkelte. I somme av dei mindre kommunane kan det likevel vere ei utfordring å finne rett aktivitet ettersom det her kan vere eit avgrensa utval av lokale aktivitetar å velje mellom.

Treningsform i Opplandsresepten

Som tidlegare nemnt, driv ikkje mottakssentralane i Oppland gruppetrening slik sentralane i dei andre fylka gjer. Val av modell i Oppland byggjer både på **økonomi og ideologi**. Mottakssentralane vert ofte drifta av stillingar på 20 prosent. Med så knappe ressursar ville det vere vanskeleg for mottakssentralane å drive treninga sjølve. Samstundes er også det ideologiske fundamentet viktig. Modellen er bygd på eit ønskje om å i størst mogleg grad gjere brukaren ansvarleg for eigen situasjon. Det blir vurdert som viktig i Opplandsresepten at fysioteika ikkje står fram som treningsinstitusjonar, men heller fungerer som rådgjevarar og hjelparar slik at brukarane sjølve kjem i gang med fysisk aktivitet. Ein informant seier følgjande:

Frykten for at fysioteikene skulle bli stående som miniinstitusjoner var en hovedmotivasjon for at vi valgte denne modellen. Når det er sagt er det noen kommuner der det er god tilgang på brukere, men så få aktiviteter i kommunen at man har sett seg nødt til å starte opp noe selv.
Nøkkelinformant på fylkesnivå

Utsegna viser også, at ikkje alle kommunar har eit tilstrekkeleg aktivitetstilbod for brukarane. Det er difor døme på kommunar der fysioteikaren har oppretta ein aktivitet for å dekkje brukarane sine behov. I ein kommune har til dømes fysioteikaren oppretta ei treningsgruppe og i eit par andre kommunar har fysioteika tatt initiativ til oppretting av stavganggrupper som seinare har blitt sjølvgåande (i dobbel forstand).

Fysioteikmodellen i Oppland har også vorte vidareutvikla i 2008. Den utvida modellen blir kalla Fysioteik Aktiv, og er eit pilotprosjekt som skal etablerast i tre fysioteik-kommunar og vare i 12 månader. Prosjektet er eit resultat av Folkehelsepartnarskapet mellom NAV Oppland og Oppland Fylkeskommune. Dette inneberer at i tillegg til legar, kan også NAV og anna helsepersonell tilvise brukarar til resepten. I Fysioteik Aktiv er det eit mål at fysioteika skal drive lågterskel aktivitetsgrupper i eigen regi. Aktivitetsgruppene skal likevel drivast i tett samarbeid med lag, foreiningar og treningssenter for å sikre minst mogleg gap ut til organiserte aktivitetar når reseptperioden er over. Det er også eit mål å nå fleire aktuelle brukarar gjennom å opne for andre tilvisarar. Her blir særleg NAV sett på som ein viktig aktør.¹⁶ Utprøvinga av Fysioteik Aktiv viser at Opplandsresepten blir evaluert og justert undervegs for å i størst mogleg grad nå potensielle brukarar og dekkje deira behov.

4.7 Når reseptperioden er over

Kva tilbod brukaren har i forlenginga av reseptperioden er eit viktig spørsmål. Mange peikar på at det er nødvendig med gode tilbod, slik at ikkje brukaren fell tilbake til det opphavlege livsmønsteret i etterkant av perioden.

¹⁶ Henta 14.05.08 frå: <http://www.overby.no/>

I alle fylka er det **opning for å få fleire reseptar**. Det vanlege i slike tilfelle er at resepten blir fornya. I dei fleste kommunane kan resepten fornyast to gonger, men det er også eksempel der den blir fornya fleire gonger. Det er likevel eit uttalt mål hos aktivitetsleiarane at brukaren skal kome seg over i ”vanlig” trening etter kvart. Dette er også ein grunnleggande premiss ved ordninga. Den er ikkje meint som eit varig tilbod, men eit tilbod som gir hjelp til å endre levevanar.

I Oppland er ein av hovudtankane bak organiseringa av ordninga at brukarane gjennom reseptperioden skal integrerast i eksisterande tilbod på ein måte som gjer at dei held fram med same trening som i reseptperioden. Fleire av nøkkelinformantane meiner at når ein legg opp resepten på denne måten, treng ikkje brukarane å gå gjennom fleire tersklar enn nødvendig i endringa av eigne levevanar. For mange er det å byrje med fysisk aktivitet ein terskel i seg sjølv. Dersom dei blir losa direkte inn i til dømes ei lokal foreining, så kan dei halde fram i den foreininga også etter at resepten er over. Då slepp dei å starte på nytt og møte nye tersklar for å oppretthalde treninga etter reseptperioden. Aktørane som brukarane blir knytt opp mot i reseptperioden har såleis også tilbod til brukarane i etterkant, vel å merke som regel til ein ordinær medlemspris.

I Vest-Agder har ein også tilbod som brukarane kan nytte seg av i etterkant av reseptperioden. Som nemnd tidlegare er det eit relativt stort innslag av private aktørar som driv mottakssentralane i dette fylket. På same måte som i Oppland kan deltakarane også her fortsette i aktiviteten på treningssenteret som vanleg medlem i etterkant av reseptperioden. I Kristiansand tilbyr kommunen i tillegg ei rekkje lågterskelaktivitetar som dei ønskjer at skal vere ei naturleg fortsetting for reseptdeltakarane.

Tilboda etter reseptperioden i Buskerud og Nordland varierer i stor grad mellom kommunane og kan innehalde ein eller fleire variantar av følgjande:

- Halde fram på same aktivitet som blir gitt på resept eller anna aktivitet på FYSAK-sentralen, mot kjøp av årskort.
- Opning for å fortsette på uteaktiviteten saman med reseptgruppa, så lenge det er kapasitet, mot kjøp av årskort for deltaking på alle aktivitetane knytt til FYSAK-sentralen.
- Det er oppretta ei likemannsgruppe, der nokre som har gjennomført reseptperioden er ”instruktørar”.
- Det er også oppretta ei PULS-gruppe for deltakarar som er ferdig med resepten.
- Ved å kople aktiviteten på resepten ein dag i veka til eit av tilboda som blir gitt på FYSAK-sentralen, kan deltakarane halde fram som vanleg brukar av FYSAK-sentralen i etterkant.

- Gjennomfører innetreninga i reseptperioden på privat teningssenter for å gjere lettare for deltakarane å vurdere eit slikt tilbod i etterkant av perioden.

4.8 Erfaringar å bygge vidare på?

- Organiseringa av resepten varierer frå fylke til fylke. Det er mange lokalt tilpassa ordningar med ulike namn. Dette gir rom for lokale tilpassingar. Samstundes kan det vere ei utfordring av reseptordninga så langt manglar **ein felles nasjonal overbygging**.
- For å halde mengda av tilvisingar oppe, er det naudsynt med **kontinuerleg informasjonsarbeid overfor tilvisar**. Det er ikkje nok å jobbe med informasjon berre ved etableringa av ordninga. **Det same gjeld informasjonsarbeidet overfor potensielle brukarar**, også her må det jobbast med dette på det jamne.
- **Gode, lett tilgjengelege og oppdaterte internettsider** kan vere ein bra måte å synleggjere ordninga på. Her har fleire av kommunane eit forbettringspotensial.
- **Helsesamtalen er eit hovudelement i reseptordninga**. Det er viktig at samtalen fungerer oppbyggjande for brukaren, og at den gir brukaren trua på eigne ressursar og evna til å ta styring over eige liv. Tiltru til eiga evne til å endre seg og brukaren si deltaking i utarbeiding av egna opplegg for endring av livsstil, er viktige suksesskriterium for å halde motivasjonen oppe over tid. Her har ein lagt ned mykje i utviklingsarbeidet og gjort seg mange erfaringar i prosjektet som andre også kan ha nytte av.
- Kosthald og røykeslutt blir mest eit tema i uformelle samanhengar slik som samlingar etter gruppetreningar. Lokalt blir dette mellom ann grunnlagt med at deltakarane kan ha meir enn nok med å kome i gang med fysisk aktivitet. Erfaringar viser vidare at det er **viktig å ikkje ha for høge mål, fordi at eit overkomeleg mål aukar både motivasjon og tiltru til eigen evne til endring (Bath m. fl. 2001: 60)**. Truleg spelar også andre forhold inn, til dømes kva kompetanse dei tilsette på mottakssentralane har.
- Det er ein fordel om det er ein viss **fleksibilitet i treningsopplegget**. Dette gjeld både med omsyn til type aktivitetar, om aktivitetane skjer i grupper eller individuelt, og at det kan vere mogleg å trene både utandørs og innandørs. Fleksibilitet på desse områda kan minske fråfallet blant nokre av målgruppene.

- Mange, både ansvarlege og brukarane, synest at **tre månader er for kort tid for å legge godt til rette for livsstilsending**. For at brukarane skal halde fram med fysisk aktivitet etter reseptperioden er over, kan det vere ein fordel om kommunane tilbyr ei eller anna form for oppfølging, gjerne gjennom aktivitetar knytt til Fysak-sentralane.

Det gjennomgåande inntrykket er at det gjennom prosjekta er lagt til rette for ei organisering som sikrar legitimitet og forankring lokalt, samstundes som ein har utvikla ein fleire praktiske grep for å legge til rette opplegg for grupper som er aktuelle for reseptordninga. I forhold til legitimitet og forankring er forholdet til tilvisarar heilt avgjerande. Dette temaet har derfor fått sitt eige kapittel.

Kapittel 5 Tilvisar i sentral posisjon

Eit viktig kjenneteikn med reseptordninga slik den er utforma i dei enkelte kommunane og fylka, er at brukarane får tett oppfølging etter at dei har fått skrive ut resepten. Dette i motsetnad til Grøn resept, der det er lagt opp slik at den enkelte pasient saman med legen skal legge ein plan for endringa av eigne levevanar framover (Pedersen 2006). Legen sit likevel i nøkkelposisjon også i dei kommunane som har prøvd ut alternative modellar for fysisk aktivitet, røykeslutt og endring av kosthald. Det er ofte legar som er tilvisarar. Deira vurdering av ordninga er såleis viktig. Frå evalueringa av Grøn resept veit vi at mange av legane hadde fleire innvendingar mot denne ordninga (Bringedal og Aasland 2006). Også i lys av dette er det viktig å få fram synspunkta til legane på ei ordning som på mange måtar kan sjåast som ei vidareutvikling av det som opphavleg var Grøn resept.

5.1 Kven tilviser?

Det er **i all hovudsak legane som tilviser på resepten**. Dette gjeld alle fylke. I Oppland og Vest-Agder har det også vore ein del av premissane frå fylkesnivå at det er legar som skal skrive ut reseptane. Det er likevel lagt til rette for at andre grupper kan skrive ut resept i rundt halvparten av kommunane. Det vanlegaste er at det er opna for at fysioterapeutane kan skrive ut resept, men i enkelte kommunar er det også slik at andre fagpersonar kan tilvise. Det er likevel samla sett få tilvisingar frå andre enn legar. Rett nok skil to kommunar seg ut. I desse to kommunane var det fleire tilvisningar frå fysioterapeutar enn frå legar i 2006.

Det kan vere fleire grunnar til at legane jamt over står for dei fleste tilvisingane. For det første har det fleire stader i praksis vore vanskeleg å inkludere fysioterapeutane i ordningane. Ein grunn til dette kan vere at dei oppfattar ordninga som ein konkurrent til eiga verksemd (jf 4.1). I alle høve er dette eit inntrykk som blir formidla frå dei som sit med ansvaret for ordninga ved ein del av mottakssentralane. Ein annan grunn kan vere at ein ved mange av sentralane har retta mykje av ressursane inn på å få legane med på ordninga, noko som kan ha gjort at ein har jobba mindre målretta i forhold til andre potensielle tilvisarar. I tillegg til dette er det ein del sentralar som først opna for å bruke fysioterapeutane som tilvisarar etter at ordninga hadde vore i gang ei stund. Dermed har ein kome kort i arbeidet med å etablere rutinar for tilvising frå andre enn legane.

Faktaboks 5.1

Det er primært legar som tilviser

- Legane har tilvisingsmynde i alle kommunane som har etablert ordninga. Ut over dette er det opna for at enkelte andre grupper kan tilvise, særleg fysioterapeutar; desse er definert som potensielle tilvisarar ved 53 prosent av mottakssentralen.
- I følgje spørjeundersøkinga som blei gjennomført blant mottakssentralane, hadde 93 prosent av deltakarane i ordninga fått resept frå legen i 2006. Fysioterapeutar tilviste i seks prosent av tilfella.
- I løpet av forsøksperioden har fleire av kommunane opna for at nye grupper kan tilvise. Individundersøkinga frå 2007 viste at alt 82 prosent av reseptbrukarane har vorte tilviste av legar, seks prosent av fysioterapeutar, medan dei andre brukarane hadde fått tilvising frå spesialistar, psykologar, bedriftshelsetenesta, psykiatritenesta, NAV-kontor og attføringsbedrifter. I alt fire prosent av brukarane hadde gått direkte til mottakssentralen og fått resepten der.

Kjelde: Kartlegging blant mottakssentralane.

Når ein del av sentralane etterkvart har opna for at nye grupper kan tilvise, vil dette kunne gjere at tilvisingane frå andre grupper enn legane aukar over tid. Så langt det primært legar som er tilvisarar.

Kven bør tilvise?

Debatten om kven som skal tilvise til ordninga er sentral i utviklingsarbeidet rundt ordninga. Erfaringane til dei involverte gir ikkje alltid like eintydige svar. Sjølv om ein del kommunar har opna opp for å la fleire tilvise, vil desse tilpassingane ofte vere av nyare dato og mengda tilvisningar frå desse tilvisarane er avgrensa. Dermed er også reell erfaring med slike tilvisingar liten.

Ulike argument gjer seg gjeldane blant dei som har vore med å utvikle ordninga lokalt. Blant dei som opplever at det er viktig at legane skal vere tilvisarar gjer følgjande hovudargument seg gjeldane:

1. Det er ein **motiverande faktor** for brukaren at ein lege skriv ut resepten. Det blir sett som ein viktig signaleffekt for brukaren at ein lege står for dette.
2. Ved å gå via legekantoret er ein i stand til **å nå de gruppene som har størst nytte av ordninga**.
3. Det gir **tryggleik** både for ansvarlege for treningsopplegget og for brukaren at det er ein lege står som tilvisar.

Helsesjefen i ein av kommunane ordla seg slik om valet av legar som tilvisarar:

Jeg tror det er en viktig plass å starte. Hadde du startet med at alle skulle henvise, så tror eg ikke vi ville fått med oss legene. De fleste er innom legetjenesten. Legetjenesten er en stor sil, som kan sile veldig godt.

Samstundes er det eit sterkt ønskje om å nå ut til så mange som mogleg av dei som er i målgruppa for resepten. Dermed er det ved fleire av mottakssentralane opna for at andre enn legane kan vere tilvisarar. Mange har vurdert NAV som aktuell tilvisar, og enkelte har alt etablert avtalar med etaten. Enkelte av sentralane har også arbeidd for å få til ordningar der sjukehusa tilviser pasientar til reseptordninga. Tendensen er at fleire og fleire av mottakssentralane vurderer om dei skal gå inn i slike ordningar, men at det rår ein del uvisse rundt dette. Kristiansand er eit eksempel på ein kommune der dei arbeidar med å etablere tettare koplingar mellom reseptordninga og sjukehuset.

Mange av legane er positive til at anna helsepersonell i tillegg til dei sjølve kan vere tilvisarar på reseptordninga.¹⁷ Det er derimot fleire, men langt frå alle, som er skeptiske til at til dømes NAV skal kunne tilvise på reseptordninga. Legane i Buskerud er meir positive til at andre kan tilvise enn det som er vanleg elles. Ein grunn til dette kan vere at ein i Buskerud har hatt lenger erfaring med å bruke andre tilvisarar, spesielt når det gjeld fysioterapeutar.

- I alt **74 prosent** (41 prosent heilt einige og 33 prosent nokså einige) av legane seier seg einige i at det er **ønskeleg at anna helsepersonell** (for eksempel fysioterapeut, psykolog, ernæringsfysiolog eller helsesøster) **kan skrive ut dei aktuelle reseptane**, medan 10 prosent gir uttrykk for at dei er ueinige i dette.
- **48 prosent** av legane vurderer det som **ønskeleg at NAV** i tillegg til legane **kan skrive ut resepten** (30 prosent heilt einige og 18 prosent nokså einige), medan 40 prosent er ueinige i dette (12 prosent nokså og 28 prosent heilt ueinige).
- Blant **legane i Buskerud er 83 prosent positive** til at anna **helsepersonell kan skrive ut resept** og **64 prosent positive til at NAV kan gjere det same**. Blant legane i **Oppland og Nordland er det høvesvis 33 prosent og 32 prosent** som gir uttrykk for at det er **ønskeleg at NAV skal kunne skrive ut resepten**. Det er verd å merke seg at Oppland, som kanskje er det fylket som har kome lengst i etableringa av ei kopling til NAV, er eit av fylka som har lågast andel av legar som er positive til ei slik ordning.

¹⁷ Påstandane som legane tok stilling til hadde svaralternativa heilt einig, nokså einig, både/og, nokså ueinig og heilt ueinig. I tillegg var veit ikkje også eit svaralternativ. Det er i alt 121 legar som har svara på spørsmåla.

Når legane kommenterer den rolla andre faggrupper kan ha i forhold til å skrive ut reseptar for fysisk aktivitet, er det særleg to synspunkt som gjer seg gjeldane. Det eine er at ein kan nå fleire potensielle brukarar om ein opnar for at fleire kan skrive ut slike reseptar. *Vanskelig å huske resepten i en travel hverdag. Derfor bra at andre yrkesgrupper kan henvise, seier til dømes ein av legane.* Samstundes er fleire av legane opptekne av at fastlegen er informert og kan vurdere resepten ut frå ein medisinsk ståstad. Tilbakemeldingar frå to fastlegar kan stå som uttrykk for dette:

Andre kan anbefale ordningen, men lege bør skrive ut resept og ordne med oppfølging eller Jeg synes godt at flere grupper kan få bruke resepten, men det er viktig at pasientene får tilstrekkelig medisinsk vurdering i forkant, hvis de har sykdommer.

Kvalitetssikring er eit viktig moment blant dei legane som er skeptiske til å opne for mykje opp i forhold til å gi andre faggrupper høve til å skrive ut reseptar:

Vi hadde en lang prosess på hvem som skulle få henvise. I Malmö kunne alle henvise. Med det resultat at legene ikke såg det som sitt redskap. Hvis alle kunne gjøre det, da gikk det ut over kvalitetskravene som ligger i bunn hos legene. Skal du sette navnet ditt på en henvisning, da skal du vite hva de går til. Hvis dette nærmest var en greie som hvem som helst kunne gjøre, da tror jeg ikke legene så ansvaret de hadde.
Nøkkelinformant på fylkesnivå

Som ein konsekvens av behovet **for kvalitetssikring av reseptordninga** i forhold til medisinske spørsmål, har ein til dømes i Modum etablert ein praksis der det blir gitt melding til fastlegen, dersom andre enn denne skriv ut resept. Då kan legen gripe inn om det viser seg at ein slik resept er medisinsk uforsvarleg for den aktuelle brukaren.

5.2 Kunnskap om ordninga blant legane

Dei fleste legane har kjennskap til reseptordninga i eigen kommune. Berre tre av 124 legar som svara på undersøkinga, hadde ikkje kjennskap til ordninga i eigen kommune. Vi kan ikkje utelukke at ein del let vere å svare på undersøkinga på grunn av lite kjennskap til ordninga, men svara frå mottakssentralane peikar også i retning av at legane har rimeleg god kjennskap til ordninga.

Eit gjennomgåande trekk i tilbakemeldingane er at **kjennskapen til, kunnskapen om og bruken av ordninga er avhengig av kontinuerleg informasjon**. Generelt opplever mottakssentralane at utan påminning til

tilvisarane går talet på utskrivne reseptar ned over tid. Frekvensen på utskriving av reseptar blir peikt på eit problem frå mange av dei som sit som ansvarlege på mottakssentralane. Dei ynskjer at tilvisarane skal skrive ut resept hyppigare. Generelt er inntrykket at det er store variasjonar mellom legane i forhold til kor mange reseptar kvar enkelt skriv ut i løpet av eit år.

Faktaboks 5.2

Kjennskap til, kunnskap om og bruk av reseptordninga blant fastlegane:

- I gjennomsnitt skreiv 70 prosent av legane i dei aktuelle kommunane ut reseptar til ordninga i 2006.¹⁸
- Det er særleg 3-4 kommunar som trekte ned gjennomsnittet.
- I dei to største byane Kristiansand og Drammen, fekk mottakssentralane tilvisingar frå høvesvis 63 prosent og 72 prosent av legane i 2006. Dette er høge tal i kommunar der legane er mange og har ei spreidd lokalisering.
- 50 prosent av dei ansvarlege ved mottakssentralane vurderte det slik at legane hadde god kunnskap om ordninga. Berre 10 prosent var ueinige i dette.
- Legane synest, ikkje overraskande, å ha best kunnskap om resepten, i dei tilfella der mottakssentralane har kome lengst i arbeidet med å utvikle ordninga.

Gjennomstrøyming av legar

- Det var relativt få av kommunane som hadde stor gjennomstrøyming blant legane. Til ein påstand om at det er stor gjennomstrøyming, seier 70 prosent seg nokså eller heilt ueinig.

Kjelde: Kartlegging blant mottakssentralane

- Utsiftingar av legar kan likevel skape vanskar for ordninga. Blant kommunane med liten aktivitet i prosjektperioden er dette særleg synleg.

Kjelde: Oppfølgjande undersøking blant mottakssentralane.

Forholdet til fysisk aktivitet, kostrettleiing og røykeslutt som førebyggings- og behandlingsmetode

Tilråding av fysisk aktivitet, bruk av kostrettleiing og rettleiing om røykeslutt inngår som førebyggings- og behandlingsmetode for mange legar, uavhengig av etablering av ei eiga reseptordning eller ikkje. Dette kom også til uttrykk i evalueringa av Grøn resept. Det blei mellom anna sagt at temaet *tilhører allmennlegens kjernevirksomhet og understreket at dette hadde de jobbet med over mange år* (Bringedal og Aasland 2006: 1037). Legane som har erfaring frå utviklinga av reseptordninga i Oppland, Buskerud, Vest-Agder og Nordland gir

¹⁸ Merk at ei tilvisning i løpet av 2006 er nok til å verte rekna med.

også i stor grad uttrykk for at dette også er ein del av deira praksis. Dette gjeld ikkje minst fysisk aktivitet:

- **89 prosent av legane tilrår** i høg eller svært høg grad **fysisk aktivitet** som førebyggings- og behandlingsmetode i eigen praksis. Ingen svarar at dei berre i låg grad gjer det same.
- **66 prosent av legane nyttar** i høg eller svært høg grad seg av **retteleing om kosthald** som førebyggings- og behandlingsmetode i eigen praksis. To av legane svarar at dei berre i låg grad gjer det same.
- **79 prosent av legane nyttar** i høg eller svært høg grad seg av **retteleing om røykeslutt** som førebyggings- og behandlingsmetode i eigen praksis. Ein av legane svarar at han/ho berre i låg grad gjer det same.

Spørsmålet er då i kva grad legane ser seg tente med ei ordning der oppfølginga av pasientane som har behov for kome i gang med fysisk aktivitet, som har behov for å retteleing om kosthald og som har behov for hjelp for å slutte å røyke, blir organisert til ein eigen sentral.

5.3 Haldningar til reseptordninga

Legane gav uttrykk for ei klart kritisk haldning til ordninga med Grøn resept (Bringedal og Aasland 2006). Det vart mellom anna gitt uttrykk for at ordninga var unødvendig fordi legane kunne gi aktuell retteleing utan at ein innførte eit eige system for dette. Haldningane til ordninga er langt meir positive i dei kommunane der ein har utvikla ei reseptordning der ein eigen sentral har oppfølging av pasientane. Både legane og mottakssentralane gir tilbakemeldingar som peikar i ein slik retning. Det er til dømes ikkje slik at ansvarlege på mottakssentralane opplever at legane i eigen kommune er generelt kritiske til ordninga.

Ei årsak til at ein har lukkast, er at det har vore jobba mykje med **å involvere legane i utviklinga av ordninga**. Eit døme på dette er at det i fleire kommunar har vorte samarbeidd om utvikling av datamodular som gjer det lettare for legane å skrive ut reseptar. Siktemålet med dette er å lette arbeidet for legen. Tungvinte skjema og byråkratisering var noko mange legar framheva som negativt med "Grøn resept" (Bringedal og Aasland 2005).

Det er også fleire døme på at **kommunelege 1 har hatt ein nøkkelfunksjon** for å få dei andre legane med på ordninga. Å alliere seg med kommunelege 1 kan vere gunstig fordi vedkomande kjenner legane sin arbeidssituasjon godt, snakkar "same språk" som legane og veit kva det må leggast vekt på for å få dei med på laget. Å forankre ordninga hos sentrale legar synast derfor å styrke ordninga slik at det fungerer i forhold til dei som blir involverte i arbeidet.

Evalueringa av Grøn resept etterlyser vidare eit tilbod for vidare oppfølging. Bringedal og Aasland (2005) peikar på at informantane meiner at dette arbeidet bør vere organisert i grupper. I vidareutviklinga av ordninga har oppbygging av mottakssentralar vore sentralt, der gruppeaktivitet ofte blir vektlagt. I så måte har utviklinga av reseptordninga gitt svar på viktige innvendingar mot Grøn resept, ved å; 1. utvide målgruppa (jf kapittel 1.1 og 6.1), 2. gjere ordninga mindre byråkratisk, 3. involvere legene meir i utviklinga og 4. etablere eit tilbod for oppfølging av brukaren (jf kapittel 4).

Faktaboks 5.3

Legane ikkje spesielt kritiske til ordninga

- Når ansvarlege for mottakssentralane blir utfordra til å ta stilling til ein påstand om at legane i kommunen generelt er kritiske til ordninga, seier 60 prosent seg helt eller delvis ueinig.
- Berre 10 prosent seier seg heilt eller delvis einig i påstanden.

Kjelde: Kartlegging blant mottakssentralane

I dei tilfella der legane er kritiske til ordninga, gir dette store utfordringar for dei som er ansvarlege for ordninga på mottakssentralen. Dette kan gi svak lokal forankring av arbeidet (jf kapittel 3.3).

Når det gjeld tilbakemeldingane frå legane sjølve kjem deira haldningar til ordninga til uttrykk i forhold til den oppfølginga den enkelte brukar av ordninga får frå sentralane. **Tilbodet dekkjer i følgje mange av legane eit viktig behov hos pasientane.** Det er rett nok litt færre av legane som er einige i at ei slik ordning er nødvendig for at pasientane skal greie å endre levevanar. Erfaringane elles peikar i retning av ordninga kan bli gløymd i ein travel kvardag. Det er likevel eit klart fleirtal av legane som gir uttrykk for at dei alltid vurderer å bruke ordninga i forhold til viktige målgrupper for ordninga. Legane i Vest-Agder er jamt over noko meir kritiske til ordninga enn i dei andre fylka. Ein vesentleg del av legane som har svara på undersøkinga frå dette fylket, er lokaliserte i Kristiansand. Det er mange legekontor i byen, og dermed også særlege utfordringar når ein skal implementere ei slik ordning. Dette kan vere ein grunn til at tala frå Vest-Agder skil seg ut.

I tal gir svara frå legane følgjande fordeling:

- **80 prosent** av legane er heilt (43 prosent) eller nokså einige (37 prosent) i at oppfølginga pasientane får frå sentralen gjennom reseptordninga dekkjer eit **viktig behov hos de aktuelle pasientgruppene**, 17 prosent er ueinige i dette.
- **57 prosent** av legane gir uttrykk for at oppfølginga pasientane får frå sentralen gjennom reseptordninga er **nødvendig for at pasientane skal**

klare å endre levevanar (19 prosent er heilt einige og 38 prosent nokså einige), medan 4 prosent er ueinige i dette.

- **60 prosent** av legane er heilt eller nokså einige i at dei alltid vurderer reseptordninga som ein del av behandlinga for pasientar med **type 2-diabetes, høgt blodtrykk, muskel-/skjelett el. psykiske lidingar (22 prosent er heilt einige og 38 prosent er nokså einige)**, gitt at dette er medisinsk forsvarlig, medan 14 prosent er nokså eller heilt ueinige i ein slik påstand.
- I Vest-Agder er det 45 prosent av legane som alltid vurderer reseptordninga i forhold til pasientar med dei nemnde diagnosane. Likeeins er det 43 prosent av legane i dette fylket som gir uttrykk for at oppfølginga pasientane får frå sentralen gjennom reseptordninga er nødvendig for at pasientane skal klare å endre levevanar.

Tilpassa arbeidssituasjonen?

I evalueringa av Grøn resept blir det peikt på at ordninga innebar ei unødig byråkratisering (Bringedal og Aasland 2006). Grøn resept var då også lagt opp slik at både helsesamtale og utarbeiding av plan for endring av levemåte blei administrert av legen. I dei reseptordningane som er prøvd ut i dei aktuelle kommunane, er dette arbeidet flytta ut av legekantoret. Dette viser også att i svara legane har rundt administrasjonen av ordninga. Dei er i all hovudsak positive til dei administrative sidene ved ordninga og opplever også at informasjonen om ordninga er god. Når det gjeld tilbakemeldingane om oppfølginga pasientane får, er også eit klart fleirtal av legane einige i at denne er relevant. Men her er det også ei større gruppe som ikkje er like einige.

Også når det gjeld administrasjon og informasjon om ordninga, er legane frå Vest-Agder noko meir kritiske enn legane frå dei andre fylka. Igjen kan ei forklaring til dette vere dei utfordringar som følgjer med å skulle få ordninga til å fungere i ein relativt stor by.

I tal er fordelinga av svara frå legane som følgjer:

- **79 prosent** opplever at sentralen i eigen kommune har lagt opp **gode rutinar** som gjer det lett for den som er lege å administrere ordninga med resepten (**46 prosent er heilt einige og 33 prosent er nokså einige**), medan 10 prosent er ueinige i dette. For Vest-Agder var prosentdel som var einige i dette 68.
- **70 prosent** av legane opplever at oppfølginga pasientane får frå sentralen gjennom ordninga med resepten gjer **eige arbeid med oppfølging av pasienten enklare (29 prosent er heilt einige og 41 prosent er nokså einige)**, medan 6 prosent er ueinige i dette. For Vest-Agder var prosentdel som var einige i dette 59.

- **81 prosent** av legane gir uttrykk for at dei har fått **god informasjon om ordninga** med resepten (**55 prosent er heilt einige og 26 prosent er nokså einige**), medan 7 prosent er nokså eller heilt ueinige i dette. For Vest-Agder var prosentdel som var einige i dette 73.
- **58 prosent** av legane meiner at dei får **relevante tilbakemeldingar** om den oppfølginga pasientane får frå sentralen (**31 prosent er heilt einige og 27 prosent er nokså einige**), medan 23 prosent gir uttrykk for at dei er ueinige i dette. For Vest-Agder var prosentdel som var einige i dette berre 36, medan 39 prosent var ueinige.

Faktaboks 5.4

Rapportar frå mottakssentralane

- Det er vanleg at mottakssentralane rapporterer tilbake til tilvisande fagperson i etterkant av reseptperioden. I 90 prosent av tilfella er det rapportering av helsesamtale og i 77 prosent er det rapportering av testar (UKK og/eller Wonca).

Kjelde: Kartlegging blant mottakssentralane

- 29 prosent av mottakssentralane opplever at legane ber om vitskapleg dokumentasjon rundt verknadane av reseptordninga (5 prosent i stor grad og 24 prosent i nokon grad). Det legane særleg etterspør er dokumentasjon på om reseptordninga i eigen kommune har helseeffekt.

Kjelde: Oppfølgjande undersøking blant mottakssentralane.

Informasjonen mellom lege og mottakssentral vil vere viktig for arbeidssituasjonen for begge partar. Mottakssentralane er gjerne i regelmessig kontakt med legane for å minne om ordninga. I forhold til deltakarane på resepten er derimot kommunikasjonen i all hovudsak knytt til resepten som blir sendt til sentralane og rapportane som sentralane sender til legane etter avslutta reseptperiode.

I dei fleste tilfelle er det etablert ei ordninga med resept på skriftleg mal, sjølv om den framleis i ein del tilfelle ikkje blir brukt. Det er relativt vanleg at resepten inneheld helseopplysningar, men sjeldan inneheld resepten spesifikke tilrådingar for brukaren.

Det er ikkje vanleg med kommunikasjon mellom tilvisar og mottakssentral i reseptperioden, men det kan i enkelte tilfelle vere kontakt i forkant og etterkant. Dette kan for eksempel vere i forhold til brukarar som treng nærare oppfølging. I etterkant av reseptperioden sendar sentralane ei skriftlig tilbakemelding til tilvisar. Desse rapportane inneheld som oftast ei tilbakemelding på helsesamtala

og i ein del tilfelle også ei tilbakemelding om resultat frå testar som har vore gjennomførte i reseptperioden (UKK- og/eller Wonca).¹⁹

Dei fleste kommunane har rutine for innkalling av brukarar når dei har fått melding om utskrivne resept. I løpet av eit par veker kallar deretter mottakssentralen inn brukaren. I ein del tilfelle kan også innkalling skje raskare enn dette. I dei kommunane som ikkje har rutine for innkalling er det lagt opp til at brukaren skal ta kontakt med mottakssentralen. Det er grunn til å tru at det er ein monaleg fråfall blant potensielle brukarar i leddet mellom tilvisar og mottakssentral, når ansvarleg ved sentralane ikkje får melding om kven som er tilviste på resepten. Dette gjer det umogleg å ta kontakt med brukarane på førehand, slik det ofte er vanleg at det blir gjort ved andre mottakssentralar. Fleire pekar på at det kan være ein terskel for potensielle brukarar å ta kontakt med mottakssentralen. Eit av argumenta som ligg til grunn for å ikkje ha ”kopi-rutine” av resepten er at dette vil innebære ei meirbelastning for legane. Det er ein frykt for at dette skal kunne gjere det vanskelegar å få legane til å skrive ut reseptar. På den andre sida blir det av fleire framheva at ei slik rutine ville gjere at ordninga i større grad kunne vore i stand til å nå de svakaste gruppene. Grunnlaget for å innføre ei slik rutine vert derfor drøfta i dei kommunane dette gjeld.

5.4 Å treffe dei rette pasientgruppene

Eit tredje hovudfunn i evalueringa av Grøn resept, var at ordninga ikkje nådde dei rette pasientgruppene (Bringedal og Aasland 2006). Dette både fordi legane var opptekne av at ordninga både burde gjelde pasientar som får medikamentell handsaming og at andre diagnosar enn høgt blodtrykk og type 2-diabetes burde vere inkludert i ordninga. Begge desse innvendingane har ein teke omsyn til ved utviklinga av ordningane i dei aktuelle kommunane som har vidareutvikla reseptordninga. Dette synest også å ha påverka den opplevinga legane har i forhold til korleis ordninga treff relevante pasientgrupper. Mange opplever at ein gjennom ordninga når fram til dei rette pasientgruppene. Dei opplever i relativt liten grad at pasientane reagerer negativt på tilbodet om ein slik resept. Når det gjeld oppfølging av resepten frå pasientane si side, har legane derimot litt meir blanda erfaringar. Med tanke på forskjellar mellom fylka, viser dette seg først og fremst i forhold til vurderinga av at ordninga er lagt til rette for grupper som har vanskar med å kome i gang med aktivitet. Legane i Vest-Agder opplever i mindre grad enn dei andre at ordninga er lagt opp på ein måte som gir eit godt tilbod for dei som har vanskeleg å kome i gang.

- **74 prosent** av legane opplever at ordninga er lagt til rette på ein måte som gir et **godt tilbod til grupper som elles har vanskelig for å komme i gang** med aktivitet som behandlingstiltak (**32 prosent er heilt einige og 42 prosent er nokså einige**), medan berre tre prosent er

¹⁹ Jf kapittel 4.4.

ueinige i ein slik påstand. I Vest-Agder var 55 prosent einige i påstanden og 14 prosent ueinige.

- **7 prosent** opplever at mange av **pasientane reagerer negativt** når de får tilbod om resepten, medan 68 prosent er nokså eller heilt ueinige i ein slik påstand.
- **20 prosent** av legane opplever at mange av pasientane **ikkje følgjer opp tilbodet** dei får gjennom ordninga med resepten, medan 29 prosent er ueinige i dette. Mange gir såleis uttrykk for at dei har blanda erfaringar i så måte (47 prosent), medan nokre også føler at dei veit lite om korleis oppfølginga er frå pasientane si side (6 prosent).

Fleire av legane gir også klare tilbakemeldingar om nøgde pasientar på ordninga. Kommenterarar som: *Meget positive tilbakemeldinger fra pasientene* eller *Bra supplement til andre tiltak*, er uttrykk for dette.

Når pasienten møter legen

Om vi ser på dei som har teke resepten i bruk, gir desse uttrykk for ei klar positiv oppleving av møtet med tilvisar. Dei tilbakemeldingane som blir gitt om møtet med tilvisar, gir inntrykk av at dei opplevde dette som ein ordinær time, der det i tillegg er lagt inn ei kort orientering om reseptordninga. I tillegg opplevde eit mindretal at ein del av legane også går nærare inn på meir spesifikke tema med tanke på endring av levevanar som ei førebuing til det som er tema på mottakssentralen.

Tilbakemeldingane frå reseptdeltakarane viser følgjande:

- **Dei aller fleste** (91 prosent) opplevde primært timen hos tilvisar (primært legar) som ein **ordinær time** der dei blei tilvist til ei samtale på mottakssentralen.
- I alt **73 prosent** fekk ei **kort orientering** om kva den aktuelle reseptordninga innebar.
- Det var **32 prosent** som gav uttrykk for at det var sett av **ekstra tid til samtale** om fysisk aktivitet, sunt kosthald eller røykeslutt og kva betydning desse faktorane har for eigne sjukdomar og plager.²⁰

Tidlegare i kapittelet såg vi at legane i relativt stor grad meinte at dei nytta rettleiing om kosthald og røyking som førebyggings- og behandlingsmetode i eigen praksis. Sett opp mot at berre 32 prosent av reseptdeltakarane har gitt uttrykk for at det vart sett av ekstra tid til samtale, kan det sjå ut til at mykje av denne rettleiinga for denne gruppa skjer innanfor korte tidsrammer. Den tilsynelatande forskjellen i svara mellom legar og reseptdeltakarane kan også

²⁰ Relativ mange av dei som skulle svare på dette spørsmålet, har ikkje svart, noko som betyr at vi her berre hadde svar frå 129 av dei 173 reseptbrukarane hadde fått tilvising frå helsepersonell.

skuldast at legane brukar lengre tid på rettleiing av personar som ikkje får utskrive resept til ordninga. Dette kan til dømes vere personar som dei ikkje finn det medisinsk forsvarleg å gi ein slik type resept.

Når det gjeld oppleving av timen med tilvisar gir eit klart fleirtal uttrykk for at denne var tilpassa eigen situasjon, lagt opp på ein måte der dei fekk fremje egne synspunkt og at sjølve samtalen med legen gav dei lyst til å endre egne levevanar:

- I vurderingane av møtet med tilvisar, opplever **72 prosent** at samtalen var lagt opp på ein måte som i høg grad var **tilpassa eigen situasjon** (49 prosent var heilt einige og 24 prosent nokså einige i ein slik påstand).
- Brukarane opplevde også at samtalen var lagt opp på ein slik måte at dei sjølve fekk **fremja egne synspunkt**. I alt **77 prosent** gav uttrykk for dette (53 prosent var heilt einige og 24 prosent var nokså einige i ein slik påstand).
- Litt færre opplevde at samtalen med tilvisar gav han eller ho **lyst til å endre egne levevanar**. Det er likevel **65 prosent** som gav uttrykk for at dei opplevde samtalen med tilvisar slik (46 prosent var heilt einige og 19 prosent var nokså einige i ein slik påstand).

5.5 Mangel på tilvisingar?

Sett frå mottakssentralane, opplever fleire av dei at dei har kapasitet til å ta i mot fleire brukarar på reseptordninga, enn dei faktisk får. Det blir også gitt uttrykk for at dette ikkje skuldast mangel på potensielle kandidatar. Det viser seg til dømes at **tilstrøyminga av reseptbrukarar aukar dei gongene ein har vore ut med informasjon om ordninga til tilvisarane**.

Faktaboks 5.5

Grunnlag for fleire reseptbrukarar

- 70 prosent av dei ansvarlege på mottakssentralane gir uttrykk for at det i noko grad er for få eller alt for få tilvisingar i forhold til kapasitet på sentralen.

Kjelde: Kartlegging blant mottakssentralane.

Det kan vere fleire forklaringar til at ein ikkje alltid når fram til potensielle brukarar. Vi har sett at i enkelte tilfelle opplever legane at pasientane reagerer negativt på det å få tilbod om ei slik ordning. Dette synest likevel ikkje å vere nokon viktig grunn til manglande oppslutning om ordninga. Det same gjeld skepsis til ordninga blant tilvisarane. Enkelte av tilvisarane er skeptiske, men slik skepsis synest ikkje å vere utbreidd, i alle høve ikkje blant legane. Ein viktigare grunn for legane sin del, er nok at mange har **lett for å gløyme**

ordninga i ein travel kvardag. Dette blir for det første nemnt av ein del av legane sjølve. Dette er også eit inntrykk som dei ansvarlege på mottakssentralane har.

Det kan virke som om ordninga ikkje alltid kjem langt nok opp på prioriteringslista legane har under konsultasjonen med potensielle brukarar. På konferansen "Livsstil på resept", som ble arrangert Kristiansand september 2007, heldt lege Ole E. Strand eit innlegg der mellom anna arbeidssituasjon til legane var tema. Her vart det peika på at allmennlegane har opplevd å få ei mengde ukoordinerte tilrådingar om ting ulike miljø og autoritetar meiner allmennpraktikarar bør involvere seg i. Ei forståing av **korleis ordninga best mogleg kan tilpassast arbeidssituasjon til legane synast å vere avgjerande for å kunne auke talet på tilvisningar**. Koordinatorane på sentralane registrerer at talet på tilvisningar går opp etter oppslag i media, eller etter informasjonsrundar. Dette kan tyde på at det trengst hyppige påminningar og mykje informasjonsarbeid for at talet på tilvisningar skal auke, og for at fleire legar skal bruke ordninga. Det er mellom anna sagt at legesekretærar og apparatet rundt på legesentra også kan vere viktige i når sentralane skal nå ut med informasjon, fordi desse kan minne legane på ordninga.

Vidare gir ein del av legane uttrykk for at det kan vere **vanskeleg å motivere** dei som har størst behov for ei slik ordning. Fleire har også opplevd at det er vanskeleg for delar av målgruppa å **ta seg fri frå arbeid** for å følge tilbodet. Dette kan både resultere i at det ikkje blir skrivne ut resept og i at enkelte ikkje følgjer opp resepten. Det er også døme på at det er vanskeleg å motivere pasientar som **må reise langt** for å kunne gjere seg nytte av ordninga.

Legane fekk ikkje spørsmål om i kva grad økonomisk insitament er viktig for at det skal skrivast ut fleire reseptar. I sin evaluering av Grøn resept peiker Bringedal og Aasland (2005) på at det er grunn til å tru at økonomiske insentiv har ein verknad. Deira erfaring er at endringar i finansieringsmåte raskt resulterer i endring i tilpassing. Intensiv har likevel i liten grad vore eit tema som har vorte problematisert av dei nøkkelpersonar vi har intervjuet. Ein kommunelege 1, med ansvar for fleire kommunar, seier følgjande:

Hvis resepten får et større gehør, ville det være naturlig å få den honorert. Men det har ikke sett ut som det er det dette står og faller på. Dette utgjør ikke en svakhet i dag, da hadde nok Grønn resept blitt brukt enda mer. Hvis det bare var pengene om å gjøre så hadde flere brukt Grønn resept Kollegene mine (legene) ble jo dypt krenket ved at de 200 kr som var honoreringen til å bruke Grønn resept skulle være nok til at de ville ta det i bruk.

Den same legen understrekar også at det er særleg viktig å legge til rette for å forenkla rutinane for tilvising. Elektronisk versjon av resepten som kan

integrererast i edb-journalane, slik ein har utvikla i Oppland og Vest-Agder, er døme på ei slik forenkling.

Samla gir dette eit bilete der **legane i det store og heile er positive til ordninga**. Dette i klar motsetning til den vurderinga legane gav av Grøn resept (Bringedal og Aasland 2006). I evalueringa av ordninga med grøn resept registrerte forskarane 130 kritiske og 20 positive eller nøytrale fritekstkommentarar i innsende spørjeskjema. Kommentaranane i det tilsvarande feltet gav eit heilt anna inntrykk for reseptordninga som har vore prøvd ut i dei aktuelle kommunane. Av i alt 30 kommentarar var fem negative og 25 positive eller nøytrale. Av positive kommentarar kan nemnast: - *Det er en svært god ordning som bør kontinueres*, - *En meget god ordning som det må satses mer på*. *God fremdrift i Nordland med støtte frå fylkesnivå*, - *Eg får meget positive tilbakemeldinger frå pasientene*, - *Fortsett med denne ordningen*, - *Bra det meste* eller - *Bra supplement til andre tiltak*. Det blir også peikt på at suksessen til tilbodet kan vere personavhengig: *At ordningen fungerer bra er avhengig av at den blir drevet av en entusiast med god evne til kommunikasjon*. Dei meir kritiske kommentaranane er heller ikkje av same sterke karakter som det evalueringa av Grøn resept viste. Blant kritiske kommentarar blir det gitt uttrykk for at ordninga er ressurskrevjande sett i forhold til kva ein kan forvente av resultat, at det - *Går an å tenke seg andre modeller enn aktivitetsresept for å endre folks levevanar* og - *Det er vanskelig å motivere de som trenger det mest til å delta i ordningen. Tror de fleste takker nei*.

Når den største utfordringa for ordninga, ser ut til å vere å få legane til å hugse på ordninga i møte med pasientar som kan vere aktuelle brukarar, må ein frå den enkelte mottakssentral legge vekt på bevisstgjerjing, informasjonsarbeid og samarbeid. Spørsmålet i den lokale konteksten vert då i kva grad sentralane har kapasitet til å halde trykket oppe i forhold til legane. I nasjonal samanheng er det også eit spørsmål om å ha ei **nasjonal overbygning for ordninga, der ein også kan dokumentere verknadane av denne**.

5.6 Erfaringar å bygge vidare på?

- Det er i hovudsak legar som tilviser, sjølv om det i rundt halvparten av kommunane også er opna for at andre fagpersonar kan skrive ut resept. Det blir vurdert om det kan vere føremålsteneleg at andre faggrupper i tillegg til legane kan tilvise. Somme peikar på at **ved å opne for at andre faggrupper kan tilvise** slik som fysioterapeutar, helsesøster, psykiatritenesta, NAV-kontor med fleire, kan ein **nå fleire potensielle brukarar**. Samtidig må ikkje **kvalitetssikringa** av ordninga vatnast ut i forhold til medisinske spørsmål når fleire yrkesgrupper kan tilvise. Ein måte å løyse dette på kan vere slik Modum kommune har gjort det, der det blir gitt melding til fastlegen dersom andre enn denne skriv ut resepten.

- God **forankring** av reseptordninga er viktig. Det har mellom anna vore involvert legar i utviklinga av ordninga, noko som gjer det lettare å forankre resepten i legestanden. Særleg i Vest-Agder og Oppland har fylkesnivået involvert kommunelegar i utvikling av ordninga. Desse har fungert som dørøpningar til resten av legane. Å få kommunelege 1 eller andre som kjenner legeyrket frå innsida med på laget, er eit suksesskriterium for å nå ut med ordninga og få den forankra hos legane i følge ansvarlege på mottakssentralane.
- For å unngå fråfall blant dei svakaste gruppene, er det viktig at det er ei rutine der legane sender **kopi av resepten** til mottakssentralane. På denne måten får mottakssentralane høve til å ta kontakt med brukaren, dersom han eller ho ikkje sjølve tar kontakt.
- Legane seier sjølve at dei har lett for å gløyme resepten i ein travel kvardag. Det er såleis viktig å legge til rette for at resepten blir hugsa på. Ein ser mellom anna at talet på tilvisingar går opp etter periodar med informasjonsarbeid frå mottakssentralane. Det krev såleis **hyppig informasjonsarbeid overfor legane** for å halde talet på utskrivne reseptar oppe.
- Vidare er det **viktig at reseptordninga er best mogleg tilpassa arbeidssituasjon til legane**. Det er mellom anna blitt utvikla datamodular som gjer det lettare for legane å skrive ut reseptar i enkelte kommunar. Legesekretærane og apparatet rundt legane spelar også ei rolle i denne samanhengen, då desse kan ha ei viktig rolle som påminningar av ordninga til legane. Der legesekretærane er godt informerte om ordninga, blir det også meldt om fleire tilvisingar.

Kapittel 6 Om å nå dei rette – målgruppe, deltaking og rekruttering

Den vanlege reseptdeltakaren er ei middelaldrane kvinne med etnisk norsk bakgrunn. Menn er klart underrepresenterte blant deltakarane. Det same gjeld unge vaksne og personar med minoritetsbakgrunn. Reseptordninga når, slik den blir praktisert i kommunane som har utvikla og prøvd ut ordninga, ut til langt fleire diagnosegrupper enn dei som var målgruppe for Grøn resept. Taksten for Grøn resept kan berre bli utløyst ved type 2-diabetes og/eller høgt blodtrykk. Kriteria for å utløyse taksten blei sett slik at resepten berre kan brukast som eit alternativ til medikament.²¹

6.1 Kven er i målgruppa?

I evalueringa av Grøn resept, vart det konkludert med at ordninga hadde liten legitimitet blant norske legar. Grunnen var mellom anna at den ikkje treffe dei rette pasientgruppene (Bringedal og Aasland 2006). Ordninga femna for snevert. Dette botna mellom anna i ei oppfatning om at ordninga også bør vere tilgjengeleg for pasientar som alt får medisinsk behandling for type 2-diabetes og høgt blodtrykk. Vidare meinte mange av legane at andre diagnosar burde inkluderast i ordninga. Dette har fylka og kommunane som har stått for utviklingsarbeidet rundt reseptordninga teke konsekvensen av. Deltakarane i dei lokale reseptordningane kan vere i målgruppa for Grøn resept, men dei fleste er ikkje det (jf faktaboks 6.1). Mottakssentralane opnar for brei rekruttering slik dei definerer målgruppa, anten dei knyter det opp til diagnosar som til dømes: *Muskel - skjelettplager, psykiske plager, hjerte- og karsykdommer, overvekt, diabetes* eller meir generelt som:

- *Mennesker med, og i risikogruppen for livsstilssykdommer*
- *Alle over 18 år som vil ha en helsegevinst av livsstilsendringer innen fysisk aktivitet, kosthold og tobakk*
- *Personer som legen meiner har ei mulighet til å forbedre helsen sin gjennom økt fysisk aktivitet*
- *Målgruppen er hjemmesittere som sliter med å komme i gang pga motivasjon eller mangel på kunnskap om aktivitetstilbud.*

²¹<http://www.lommelegen.no/php/print.php?id=322769>

Faktaboks 6.1

Deltakarar 2006

- Det var i alt 1.046 deltakarar som starta på ordning i 2006, fordelt på 27 einingar.²²
- Heile 75 prosent av deltakarane som starta på ordninga i 2006 var kvinner.
- Dei fleste sentralane rekruttere personar med ulike diagnoser til ordninga. Berre ein av mottakssentralane opplevde at gruppa som regel består av personar med meir eller mindre same diagnose.
- Det er svært få personar med minoritetsbakgrunn blant deltakarane i ordninga. På spørsmål om i kva grad personar med minoritetsbakgrunn tek til på reseptordninga svarar 93 prosent mottakssentralane at dette berre i låg grad eller i svært låg grad var tilfelle.

Kjelde: Kartlegging blant mottakssentralane

Deltakarar frå individundersøkinga 2007

- Gjennomsnittsalderen er 50,2 år. Gjennomsnittsalderen er noko høgare for menn (52,4 år) enn for kvinner (49,5 år). I alt 75 prosent av alle er frå 35 til 65 år, medan 6 prosent er under 30 år og 3 prosent er 75 år og eldre.
- Målgruppa for ordninga med Grøn resept var personar med høgt blodtrykk eller type diabetes 2 og som ikkje treng eller brukar medisin for dette. Berre 11 prosent av deltakarane fell inn under den opphavlege målgruppa for Grøn resept.
- Personar med dei lange utdanningar er overrepresenterte i materialet. Medan 22 prosent av befolkninga over 30 år i dei fire fylka har utdanning på høgskule eller universitetsnivå gjeld dette 28 prosent av reseptdeltakarane. Dei på med grunnskuleutdanning er svakt overrepresenterte (1 prosentpoeng), medan dei med utdanningar på vidaregåande nivå er tilsvarande underrepresenterte.²³
- Reseptordninga rekrutterer i stor grad personar som er ute av arbeidsmarknaden for ein kortare eller lenger periode. I alt 38 prosent var i arbeid ved reseptstart. Nærare kvar tredje av dei som var i arbeid, kombinerte arbeid med trygd eller med langtidssjukemelding.

Kjelde: Individundersøkinga

Korleis ein definerer målgruppa, vil avhenge av fleire faktorar. Det kan mellom anna vere relatert til kva oppfatningar som ligg til grunn for forståing av helseomgrepet. Når ein knyter målgruppe til diagnose, er det mest nærliggande å tenke helse som fråver av sjukdom. Helse kan også vere ein ressurs som gir

²² Det er verdt å merke at statistikkføringa ved sentralane er ikkje standardisert. I enkelte tilfelle har vi registrert at sentralane registrerer tal reseptar, medan andre registrerer tal brukarar. I og med at same brukar kan få meir enn ein resept, kan denne utrekninga ligge noko over kva som er det reelle talet reseptbrukarar.

²³ Statistisk sentralbyrå: <http://statbank.ssb.no/statistikkbanken/>. Tabell 06217: Personer 16 år og over, etter kjønn, alder og befolkningens utdanningsnivå (ny nivåinndeling).

motstand mot sjukdom eller velvere som kan opplevast til trass for sjukdom (Mæland 2005). Poenget er likevel at reseptordninga, slik den har vore prøvd ut i dei utvalde kommunane, ikkje har vore basert på noko eintydig definisjon av kven som representerer målgruppa for ordninga. Kvar enkelt kommune definerer derfor målgruppa på litt ulik måte. Medan målgruppa for Grøn resept blei vurdert som for snever, **kan den reseptordninga som no er prøvd ut stå i fare for å bli sett på som utydelig og med ei for uklar avgrensing av kven som utgjør målgruppa**. Poenget blir også understreka i den danske evalueringa av "Motion på recept":

Uanset hvilken målgruppe, der vælges for MPR, er det viktig, at denne er klart afgrænset, og at der er opsat klare og operationelle in- og eksklusionskriterier. Uklare kriterier giver usikkerhed hos de eksterne samarbejdspartnere som de praktiserende læger, hvilket vil medføre et stort antal af fejlhenviste deltagere.

Müller m. fl. 2007:19

Dei fleste som har ansvar for gjennomføringa av ordninga har tankar om kven som representerer målgruppa, anten det er tilvisarar eller ansvarlege for mottakssentralane. Sjølv om ikkje alle nemner bestemte diagnosar når dei definerer målgruppa, har dei fleste ei meining om kva diagnosegrupper det er mest nærliggande å rekruttere brukarar frå. Det er også ei etablert oppfatning av at ordninga både skal vere eit tilbod for grupper som har etablert sjukdom og dei som har risiko for å utvikle slik sjukdom. Dei ansvarlege for mottakssentralane gir ofte også uttrykk for at ein ønskjer å nå dei som treng hjelp med motivasjonen for å endre egne levevanar. I dette ligg gjerne også at ein er ute etter dei gruppene som er inaktive. Det ligg i opplegget at **sentralane legg til rette for eit tilbod til grupper som har utvikla eller har stor risiko for å utvikle sjukdom, der fysisk aktivitet endring av kosthald eller røykeslutt kan vere sjukdomsførebyggande**. Det er såleis eit tiltak som har preg av ein høgrisikostrategi (Mæland 2005, 59–60). Ordninga skal representere eit lågterskeltiltak for dei aktuelle målgruppene.

Når målgruppa ikkje er klart definert, vil det vere ei utfordring å kommunisere kva grupper tilvisar skal sjå etter. Så lenge tilvisar er i ein nøkkelposisjon for rekruttering av deltakarar til ordninga, blir det viktig med *felles prinsipper i helsefremmende, forbyggende og atferdsendrende intervensjoner* (Prescott og Børtveit 2004: 100). Etersom reseptordninga primært legg opp til at tilvisar berre har ansvar for første fase av intervensjonen, er det sentralt at spørsmål som gjeld kartleggingsfasen må vere avklara for tilvisar. For det første er det eit spørsmål om kven som skal kartleggast, om dette skal gjelde alle, bestemte aldersgrupper, diagnosar eller liknande. Her kan tilvisar basere seg på generell kunnskap eller til dømes bruke screenings spørsmål. Vidare er det spørsmål om kva som skal kartleggast og korleis ein skal kartlegge. Desse to siste spørsmåla avheng kven som skal kartleggast.

Den tydelegaste måten å kommunisere kven som er i målgruppa, er å identifisere konkrete diagnosar der ein skal sjå etter potensielle reseptdeltakarar, i alle fall så lenge legane er tilvisarar. Det er også fleire mottakssentralar som signaliserer dette tydeleg gjennom å operere med diagnosar på eigne reseptblokker som blir sendt ut til legane. Men det er også behov for avklaring av kven ein skal prøve å rekruttere til ordninga. Kven ønskjer ein å ha med i ordninga? Det må vere ei avklaring av om tilbodet som blir gitt er eigna til å sikre behova til dei som skal delta på resepten. Ulike grupper har ulike behov. Det vil vere store skilnadar mellom ein person som treng å komme i fysisk form etter ei sjukemelding og ein person som slit med alvorleg overvekt eller store psykiske vanskar. Vidare kan det vere eit spørsmål om det til dømes skal leggest ned store ressursar i å få med dei som er lite motiverte for å gå inn i ordninga. Dette er spørsmål som dei som har stått for utviklinga av ordninga lokalt også har reflektert rundt:

Vi kan jo alltid mase og bruke masse tid på det, men det er et spørsmål om hvor mange vi skal mase på også. Hvis vi maser noen bort her et par ganger og så slutter de igjen. Hvis vi treffer de som er mer motivert vil de kanskje kunne følges opp mer. Det er en grenseoppgang der også.

Nøkkelinformant i kommunen

Det blir vidare understreka at ein må ha eit realistisk forhold til kva resepten skal vere, og at det er viktig å vere medvitne om at resepten ikkje er eit konsept som skal kunne løyse alle problem. I Opplandsresepten er det til dømes ei klar forståing av at fysioteka i utgangspunktet ikkje skal drive behandling, men rettleiing. Sentralane skal ikkje fungere som ei terapeutisk eining. Fysiotekaren skal rettleie brukarar til å ta tak i sin eigen situasjon og bidra til meir fysisk aktivitet. Brukarar som først og fremst treng behandling, må til andre instansar. Det blir trekt fram at sjølv om resepten har som mål å nå mange, vil det alltid vere grupper som ikkje vil passe inn i konseptet.

Det er til dømes mogleg å relatere målgruppa til stadiemodellen Prochaska og DiClemente har utvikla (jf kapittel 1.4). I Danmark synest det som om ordninga primært orienterer seg mot personar som er på nivå 2 eller høgare i denne modellen. Müller m. fl. (2007) peikar til dømes på at det bør lagast kriterium for inkludering med vekt på at deltakarane skal ha ein viss fysisk og psykisk funksjonsevne. Vidare legg dei vekt på at brukarane ikkje bør vere for prega av andre sjukdomar enn den primære tilvisningsårsaka. Det blir peikt på at utskiljinga av deltakarar som fell utanfor den definerte målgruppa både bør skje hos legen og på første helsesamtale. Eksklusjon av deltakarar i samband med første helsesamtale blir sett på som teneleg for å unngå dårlege opplevingar for deltakaren og for å skape grupper med positive grupperelasjonar. Til sist blir det framheva at ei slik ekskludering kan føre til at kapasiteten i ordninga blir betre nytta, ved at fråfallet minkar (ibid). Dersom tilrådingane frå Danmark blir

etterfølgde vil ordninga der operere med strengare kriterium for inkludering, samanlikna med kva som er tilfelle i Noreg i dag.

Det kan i ein del tilfelle vere ei utfordring at dei som melder seg ved sentralen både er meir motiverte og i betre form enn den målgruppa ein eigentleg ønskjer å nå. Enkelte er medvitne om dette og siler aktivt ut slike, dersom dei har fått tilvising. Resultata frå individundersøkinga tyder likevel på at ein del av dei som starta på reseptordninga var relativt aktive også i forkant (jf seinare i dette kapittelet).

Samtidig er det **viktig at ordninga ikkje ekskluderer relevante grupper**. I *Handlingsplan for fysisk aktivitet 2005-2009* blir det lagt vekt på at lågterskelaktivitet skal vere lett tilgjengelig både fysisk, sosialt og kulturelt. I følge handlingsplanen synest det også å vere ei gråson mellom aktivitetstilbod i regi av offentleg tenesteapparat og tilbod i regi av frivillige organisasjonar og private aktørar. I ein del samanhengar blir modellane for fysisk aktivitet, sunt kosthald og røykeslutt trekt fram som eit slik bindeledd. Det vil likevel vere viktig at det ikkje skjer ei "forskyving" av ordninga slik at den i liten grad femnar dei som fell utanfor ordinært tilbod. Dette kan til dømes vere personar som er inaktive og ikkje motivert for å bli meir fysisk aktive (nivå 1). Når fleire av sentralane opplever at det er vanskeleg å nå dei som i størst grad har behov for lågterskelaktivitetar, blir spørsmålet om det er andre ordningar som bør fange opp desse gruppene og om slike eventuelt er tilgjengelege?

Det er eit ønske frå fleire mottakssentralar at **andre enn legar skal kunne fungere som tilvisarar** til reseptordninga (jf kapittel 5.1). Mange stader har også opna for ein slik praksis. Enkelte legg vekt på at legane er posisjon til å nå dei svakaste, og at desse av den grunn er heilt sentrale for å nå ut til målgruppene for resepten. Andre opplever at legane ikkje alltid er posisjon til å nå alle som kan vere aktuelle for ordninga. Det blir difor sagt på at det er nødvendig å tenke heilt nytt for å nå ut til nye grupper:

Hvordan når vi ut til nye grupper? Det er ikke nok å bygge sykkelstier. Det må tenkes nytt og vi må inn på nye arenaer. ... Så lenge vi bruker henvisningsmetoden fra legene, og kanskje legene ikke er drilla nok til å tenke den biten inn mot utradisjonelle grupper, så kan det hende vi ikke får tak i disse menneskene.


Ansvarleg på mottakssentral

Til slutt er det viktig å ta med i vurderinga at kven som er i målgruppa også vil ha konsekvensar for kva mål ein skal ha for intervensjonen. Marcus & Forsyth (2003) hevdar at for deltakarar på nivå 1 og 2 i nemnde stadiemodell er det klare avgrensingar på kva ein kan forvente å oppnå. Mellom anna meiner dei at det truleg er urealistisk å ha som mål for intervensjonen å auke faktisk aktivitetsatferd til nasjonalt helsekriterium eller å auke den fysiske forma til

desse gruppene. I staden for meiner dei at eit meir realistisk mål for deltakarar på nivå 1 og 2 vil vere å frambringe ei endring i dei mellomliggande faktorane (jf kapittel 1.4), som igjen kan føre til meir fysisk aktivitet på sikt (ibid). Dei ser likevel ikkje på dette som ei svakheit: "...helping a less motivated person to even start thinking about how his health and outlook might improve if he were to be more active should be considered a successful outcome (Marcus & Forsyth 2003:43)."

Ei ordning for middelaldrane og eldre?

Med ein gjennomsnittsalder på vel 50 år og svært få deltakarar under 30 år i ordninga, er reseptordninga i første rekkje ei ordning for middelaldrande og eldre. Det er fleire forhold som også tilseier at behova for ordninga endrar seg med auka alder. Den fysiske forma vil generelt sett vere betre hos dei yngre enn eldre. Vidare vil ein del av dei risiko- eller sjukdomstilstandane som fører fram til tilvising på reseptordninga, først råke dei fleste når dei er middelaldrande og eldre. Dette gjeld til dømes hjarte-/karsjukdomar og sjukdom i skjelett-muskelsystemet.²⁴



Figur 6.1. Reseptdeltakarane fordelt etter aldersgrupper. Prosent. N=190.

Det blir likevel oppfatta som eit **problem at ordninga i liten grad når ut til unge**, i alle høve hos dei som sit med ansvaret for reseptordninga lokalt. I dette ligg det ei oppfatning av at det er ei gruppe blant dei unge som har klart behov for eit lågterskeltilbod på line med det som blir gitt i reseptordninga. Som det vart peika på tidlegare i kapitlet blir det hevda at det er ei gråson mellom aktivitetstilbod i regi av offentlig tenesteapparat og tilbod i regi av frivillige organisasjonar og private aktørar (*Handlingsplan for fysisk aktivitet 2005-2009*). Ungdom som er aktuelle for reseptordninga har lett for å falle i denne gråsona, og reseptordninga klarer i svært liten grad å gi eit tilbod som når fram

²⁴ Statistisk sentralbyrå: <http://statbank.ssb.no/statistikbanken/>. Tabell:04168: Sykelighet. Sjukdom, skade eller funksjonshemming, etter kjønn og alder (prosent). Tal frå 2005.

til desse aldersgruppene. Sjølv om ein gjennom reseptordninga rekrutterer relativt breitt aldersmessig, ligg det etter alt å døme ekstra utfordringar om ein ønskjer å nå fleire unge vaksne. Tilbakemeldingar frå unge deltakarar viser at enkelte unge opplever at tilbodet er lite tilpassa deira aldersgruppe. Dette gjeld til dømes ei kvinne frå Buskerud. Ho gjennomførte berre halve reseptperioden. Grunnen til å ikkje fullføre var at ho opplevde at tilbodet var lite tilrettelagt for hennar aldersgruppe. *Føler at tilbudet til "unge" er litt dårlig. Mange mennesker jeg ikke identifiserer meg med på de faste aktivitetene. Er litt friskere enn mange av de andre som har fått resepten. Hadde likevel hatt godt av tilsvarende opplegg på et mer forebyggende plan.* Ho ser såleis nytten av ordninga, men føler ikkje at den var organisert på ein måte som trefte godt, korkje eigen situasjon eller andre i eiga aldersgruppe.

Med få deltakarar under 30 år, kan vi ikkje seie noko om i kva grad slike tilbakemeldingar representerer noko meir enn enkeltutsegn. Når ein veit at ordninga rekrutterer få unge, kan det likevel vere særleg viktig å bite seg merke i dei kritiske kommentarane som kjem frå ei av dei unge som har erfaringar frå ordninga. Det kan vere ei stemme som reflekterer noko av den skepsisen som gjer at få unge søker opp ordninga.

Det skal leggst til at ein også finn nøgde brukarar blant dei under 30 år. Ei kvinne midt i 20-åra frå Oppland *er veldig fornøyd med Opplandsresepten*. Det er interessant å merke seg at denne siste kvinna er frå Oppland. Gjennom opplegget Oppland praktiserer, er det grunnlag for å tilpasse opplegget, gitt at det er eit aktuelt tilbod rimeleg nær.. Talmaterialet vårt blir rett nok lite om vi bryt det ned på fylke og alder. Det er likevel indikasjonar på at Oppland i noko større grad greier å fange yngre aldersgrupper enn dei andre fylka. Dette gjeld rett nok berre for menn. Medan det totale aldersgjennomsnittet gir små forskjellar mellom Oppland og dei andre fylka, er mennene som deltek i Oppland yngre samanlikna med mennene frå dei andre fylka. Snittalderen for menn i Oppland er 49 år mot 54 år i dei tre andre fylka. I tillegg er 17 prosent av deltakarane frå Oppland under 35 år. I dei tre andre fylka er 10 prosent under 35 år.

Ei ordning for kvinner?

Kvinner dominerer blant deltakarane. Dette gjeld alle fylke. Tal frå Danmark peikar i same retning, der menn utgjer opp mot ein tredjepart av deltakarane (Müller m. fl. 2007). Erfaringane gjennom intervju med nøkkelinformantar i kommunane og deltakarane i reseptgruppene, peikar i retning av at det er fleire grunnar til at rekrutteringa av menn til ordninga er relativt svak.

Det skjer ei utsilinga før reseptbrukarane kjem til mottakssentral for å gjennomføre første helsesamtale. Dette betyr at det er i møte med tilvisar at mennene blir borte, eventuelt at menn som har fått resept ikkje møter på

mottakssentralen. Her manglar vi empiri. Det kan til dømes vere slik at menn i mindre grad enn kvinner spør etter slike reseptar eller i større grad enn kvinner aktivt avviser forslag om denne typen reseptar. Det kan også tenkjast at reseptordninga i mindre grad blir presentert som eit alternativ for menn, dersom det er slik at legane sjølve opplever at ordninga er betre tilrettelagt for og meir populær blant kvinner. I tillegg er det færre menn enn kvinner som oppsøker lege.

Om lag 60 prosent av dei som oppsøker lege er kvinner (Lunde 2007). Dette kan legge grunnlag for skeivrekuttering i seg sjølv, utan at det har noko med ordninga å gjere. Ein skal likevel vere varsam med å konkludere ut frå desse tala. For det første peikar Lunde på at det særleg er unge og eldre kvinner som er overrepresenterte blant dei som går til lege. Mange unge kvinner oppsøker lege i samband med spørsmål om prevensjon og svangerskap, det vil seie forhold som ikkje har noko relevans for reseptordninga. At eldre kvinner er overrepresenterte, skuldast at dei lever lenger enn menn. Då er det snakk om dei eldste blant oss, det vil seie aldersgrupper som ikkje er sterkt representerte blant reseptbrukarane. I aldersgruppa 45-75 år, det vil seie kjernegruppene for reseptordninga, utgjer kvinnene 56 prosent av dei som har legekontakt.²⁵ Kontrollert for dei diagnosegrupper som er relevante for reseptordninga (ryggproblem, generelle smerter og muskelplager, psykisk sjukdom eller lidingar, høgt blodtrykk, hjartesyjukdom og diabetes) utgjer kvinnene også 56 prosent av dei som har hatt legekontakt.²⁶ **Ulike grad av legekontakt mellom kvinner og menn**, kan såleis vere med på å forsterke forskjellane i rekruttering til reseptordninga mellom kvinner og menn, men **er ikkje tilstrekkelege til å forklare at forskjellane er så store som dei faktisk er.**

Dei som har førstehandskjennskap til ordninga opplever også at den skeive fordelinga kan forsterke seg sjølv, ved at menn ikkje ønskjer å delta i gruppe med stort fleirtal av kvinner. Det kan føre til at enkelte ikkje møter opp til trening, sjølv om dei har møtte til første helsesamtale. Det kan også vere at enkelte sluttar tidleg i treningsperioden, mellom anna fordi det er få andre menn å knyte kontakt med. Sjølve treningsopplegget, med hovudvekt på turgåing med stavar, er ein aktivitet som ikkje passar like godt for menn. Det var gitt fleire konkrete eksempel på det siste gjennom intervjuet med reseptgruppene. Det er ei nokså allmenn forståing, både blant kvinner og menn i desse gruppene, at barrierane for å ta til med stavgang er større blant menn enn blant kvinner. Utsegna frå ein brukar kan illustrere korleis i alle høve somme menn kan ha ei motvilje mot stavgang, men også korleis dette kan endre seg:

²⁵ Kjelde Statistisk sentralbyrå: <http://statbank.ssb.no/statistikkbanken/>. Pasienter med legekontakt, etter kjønn og alder (2005).

²⁶ Kjelde Statistisk sentralbyrå: <http://statbank.ssb.no/statistikkbanken/>. Pasienter med legekontakt med diagnose, etter kjønn og diagnosegruppe (2005).

Første turen med staver tok jeg i mørket så jeg ikke skulle bli sett, men i dag har jeg ingen problem med å gå med staver. Det er nesten sånn at man hilser når man treffer andre med staver.

Ein del av utfordringa, men langt frå heile, i forhold til å rekruttere menn ligg såleis etter alt å døme i organiseringa av treninga. Eit uttrykk for dette ser ein i at Oppland synest å rekruttere fleire menn enn dei andre fylka. I alt 32 prosent av deltakarane som svara på individundersøkinga i Oppland var menn. Det samla talet for dei tre andre fylka 26 prosent. Ser ein på kjønnsfordelinga blant dei som fekk utskrive resept i 2006, er det eit liknande mønster.²⁷ Den største forskjellen mellom Oppland og dei andre fylka, er at sentralane i Oppland i noko større grad enn dei andre har greidd å rekruttere relativt unge menn.

Den mest nærliggande forklaringa til forskjellane mellom kommunane i Oppland og dei andre kommunane er knytt til måten ordninga er organisert på. Oppland har relativt fleksible rammar for treninga og det er i stor grad eit individuelt tilpassa opplegg (jf kapittel 4.6). I intervju har fleire peika på at menn i større grad enn kvinner vil å trene på eiga hand. For desse vil trening i treningsstudio passe betre enn gruppetrening. Dersom stavgang ikkje er særleg attraktivt som aktivitet, korkje for menn eller for unge, vil det vere vanskeleg å rekruttere blant slike gruppe. **I Opplandsresepten er det større grunnlag for å skreddarsy opplegg for den enkelte, gitt at kommunane har eit variert tilbod lokale aktivitetar.**

Trening i treningsstudio gir og ein viss **anonymitet**. Til samanlikning vil ein vere meir synleg som deltakar på eit reseptopplegg i ei stavganggruppe. Det har vore peika på at det kan vere problematisk å ha oppstart for stavganggruppa i nærmiljøet. I slike tilfelle blir det peika på at deltakarane ikkje nødvendigvis er komfortable med å vise at dei er reseptdeltakarar i eige nærmiljø. Ei turgruppe hadde til dømes oppstart utanfor lokalmiljøet grunna dette. Med trening knytt til eksisterande tilbod, vil ein kunne unngå sjølvforsterkande effektar av at det er mange kvinner i reseptgruppa eller at aldersfordelinga i gruppa er lite tiltalende for dei yngste.

Når dette er sagt, må det understreke at mennene som delteke i reseptordninga på lik line med kvinnene i stor grad gir positive tilbakemeldingar om eigne erfaringar. Ein like stor del av mennene som av kvinnene som har delteke på gruppetrening opplever til dømes at dei har fått nye vener gjennom reseptordninga. Det å trene i gruppe og bruk av stavgang i natur er for mange eit

²⁷ Det er også ein del variasjon mellom dei andre fylka også. Vest-Agder ligg berre litt under Oppland i individundersøkinga (få svar frå Vest-Agder gjer talmaterialet meir usikkert her), medan Nordland berre ligg litt under Oppland når ein ser på tilvisingar i 2006 (Kartlegginga blant mottakssentralane).

av kjerneelementa som gjer deltakinga i reseptordninga til ei positiv oppleving. Problemet er at ein gjennom standardiserte opplegg også står i fare frå utelukke store grupper.

Personar med minoritetsbakgrunn fråverande

Personar med minoritetsbakgrunn er så godt som fråverande i reseptordninga. Tala frå prosjektet Mosjon på Romsås (MoRo) indikerar at det er langt vanlegare å vere inaktiv for personar med minoritetsbakgrunn, samanlikna med etnisk norske (Lorentzen m. fl. 2005). Medan andelen inaktive blant etnisk norske var rundt ein tredjedel ved frammøte på ei tverrsnittundersøking i 2000, var tilsvarende tal blant personar med minoritetsbakgrunn meir enn 50 prosent. Enkelte innvandrargrupper, og då særleg kvinner, har betydeleg høgare førekomst av diabetes samanlikna med etnisk norske.²⁸ Dette synleggjer kor viktig det er å nå ut til denne delen av befolkninga.

I MoRo-prosjektet organiserte dei ei trimgruppe for innvandrar kvinner. Her opplevde ein ei auke i oppslutning. Noko av forklaringa på den gode deltakinga kan vere at Romsås er ein bydel der svært mange har minoritetsbakgrunn. I tillegg er det også viktig å sjå på korleis gruppa vart organisert. Ein av dei tinga som blir understreka er at trimmen var forankra i norskundervisninga kvinnene deltok på. Vidare vart det gjort ei rekkje tilpassingar for at kvinnene skulle finne seg vel til rette på trimmen. Det vart blant anna lagt vekt på tydelig kommunikasjon, tilpassa aktivitetar (intensitetsnivå og type) og at det ikkje vart stilt krav til kledding og skotøy. Ein anna faktor som vart sett på som viktig var at det ikkje var menn til stades i timane. Erfaringar frå Danmark viser også at det i nokre tilfelle kan vere føremålsteneleg med separat gruppetrening for kvinner og menn (Müller m. fl. 2007).

I dei fleste av kommunane som har prøvd ut reseptordninga er det svært få personar med minoritetsbakgrunn blant deltakarane. Dette gjer det til dømes vanskeleg å etablere eigne tilbod for slike grupper. Økonomiske prioriteringar kan også ligge til grunn for manglande tilpassingar som kunne ført til ei betre integrering av minoritetsbefolkninga.

Resultatet er i alle høve at ordninga i svært liten grad har nådd fram til denne gruppa. På same måte som for menn, kan den låge deltakinga av personar med minoritetsbakgrunn vere sjølvforsterkande. Fleire av **dei ansvarlege for ordninga erkjenner at dei også kunne ha vore meir medvitne om minioritetsgrupper i utforminga av ordninga**. Berre unntaksvis har ein hatt deltakarar med slik bakgrunn i gruppene, og i dei tilfella ein har hatt det, har det vore vanskeleg å få dei til fullføre reseptperioden. Ofte kjem dei ikkje skikkelig i gang og sluttar kort tid etter første helsesamtale. Det blir opplevd at det ofte er kulturelle og språklege hindringar i vegen for å få personar med

²⁸ Grupper frå det indiske subkontinentet i aldersgruppa 30–59 år.

minoritetsbakgrunn til å delta. Turgåing, friluftsliv og tanken på å forbedre eiga helse gjennom trening blir veldig framandt for mange. Samstundes opplever mottakssentralane vanskar med å nå ut med informasjon til denne gruppa.

Utfordringar i forhold til andre grupper

Frå ansvarlege ved mottakssentralane blir det peikt på at enkelte andre grupper, ut over dei som alt er nemnde, også er vanskelege å nå. Dette gjeld særleg to diagnosegrupper. Den første er personar med **psykiske problem og sosial angst**. Her peiker fleire på at dei har manglande kompetanse i forhold til korleis ein skal jobbe denne målgruppa. Den andre gruppa er **overvektige** personar. Det blir sagt at ordninga slik ho er no ikkje er heilt tilpassa og eigna for denne gruppa. Sjølv om trimgruppa ventar på dei siste på neste bakketopp, kan det vere tungt å alltid kome sist og heile tida vere den som andre må vente på. Når enkelte kan føle seg feilplasserte på grunn av alder og ved at dei kanskje føler seg sprekare enn gruppa elles, kan andre oppleve at det er vanskeleg dersom dei andre i gruppa blir for spreke. Dette gjeld mellom anna ei kvinne frå Buskerud, som sjølv om ho oppsummerar ordninga som grei, samstundes peikar på forhold i ordninga som kunne vore annleis:

Den er grei – men det at det er superspreke sammen med andre med plager, føler jeg som et problem. Jeg blir da en sinke. ... Litt for mye press – prøv å finne frem det positive i oss. Noen kan ha det bra med noen kilo for mye!!

I tilfelle som det siste, kan det vere mange som opplever at terskelen for å delta er for høg. Dette blir særleg tydeleg i Oppland der ein er avhengig av å delta i dei tilbod som alt er etablert i eigen kommune. Dersom ein samtidig har problem med å trene på eiga hand, er det få alternativ igjen. Dette er ei av årsakene til at fleire av kommunane i Oppland i 2008 skal prøve ut pilotprosjektet Fysiotek Aktiv, som inneber at fysioteka arrangerer lågterskeltrening i grupper (jf kapittel 4.6).

Ei ordning for langtidssjuke og trygda?

Sosial bakgrunn påverkar i stor grad fysisk aktivitet (Ulseth 2007). Dette blir særleg tydeleg i forhold til bruk av treningssenter, der i alle høve internasjonale studiar viser at grupper som slit med lågast inntekt, ikkje har økonomi til ta del i slik trening (Maguire 2007). Samstundes har treningssenter vorte viktigare som treningsarena enn idrettslaga (Ulseth 2007).

Det er fleire måtar å måle sosial bakgrunn på. Legg ein utdanningsnivå til grunn, er det ein overrepresentasjon av høgskule- og universitetsutdanna blant reseptdeltakarane (jf faktaboks 6.1). Det er likevel lite som peikar i retning av reseptdeltakarane representerer ei ressurssterk gruppe i økonomisk forstand. Få er i fulltidsarbeid. Tilbakemeldingane frå ansvarlege ved mottakssentralane peikar også i retning av at mange av reseptdeltakarane er avhengig av at

treningstilbudet ikkje medfører store utgifter for den enkelte. Sitatet under er frå ein reseptdeltakar:

Det er et glimrende prosjekt. Både det at man får komme ut i naturen, har faste dager, en oppfølging og at det er overkommelig økonomisk. For når man har vært syk i mange år er det veldig mange ting som stopper seg økonomisk. Det er mye man kunne hatt en bedring av, men som stopper seg på grunn av økonomi.

Tabell 6.1. Status på arbeidsmarknaden dei tre siste månadane før reseptstart. Prosent.

Status	Prosent
I arbeid ²⁹	38
Sjukmelde heile perioden	17
Trygda heile perioden	32
På arbeidsmarknadstiltak, attføring o.l.	8
Heimeverande, arbeidslaus	4
I utdanning	2
I alt	100
N	189

At berre **38 prosent av reseptdeltakarane var i arbeid** dei tre siste månadane før reseptstart, understrekar at mange er i ein livssituasjon som kan vere utfordrande både økonomisk og elles. Til dette biletet høyrer også at fleire av dei som var i arbeid, ikkje hadde jobba heile perioden eller var delvis sjukmelde/trygda. Nesten kvar tredje (**31 prosent**) av dei som var i arbeid dei siste tre månadane før reseptstart, hadde vore langtidssjukemeldt eller kombinert trygd og arbeid i same periode. Sett i lys av dette, når ordninga ut til ei gruppe som etter alt å døme har behov for eit tilbød som er ope også for dei med svak økonomi.³⁰

Ei ordning for dei motiverte?

Målgruppa for reseptordninga er mellom anna definert som dei inaktive, heimesittarane, dei som ikkje ved eiga hjelp klarer å kom i gang med fysisk aktivitet eller å ta tak i eigne levevanar i breiare forstand på eiga hand. Med stadiemodellen til Prochaska og DiClemente som referanseramme (jf kapittel 1.4), finn ein dei mest opplagte brukarane i dei to eller tre første stadia i modellen. Det gjeld inaktive som ikkje er motivert for endring og inaktive som

²⁹ Inkluderer alle som har vore i arbeid i perioden, også dei som har vore trygda eller sjukmelde i delar av perioden.

³⁰ I reseptperioden har brukarane tilbød om trening til subsidierte prisar. Berre ein av ti var heilt einige (6 prosent) eller nokså einige (4 prosent) i at deltakinga i reseptordninga hadde kosta dei mykje økonomisk.

er motiverte for endring, men som ikkje kjem i gang. Den siste av dei tre første gruppene er dei som er aktive, men ikkje regelmessig.

Faktaboks 6.2

Aktive og motiverte deltakarar? – tal ved oppstart av reseptperioden

- Heile 83 prosent av reseptdeltakarane likar fysisk aktivitet svært eller nokså godt når dei startar i ordninga. Berre to prosent svarar at dei likar fysisk aktivitet nokså dårleg eller svært dårleg.
- Samstundes hadde 72 prosent av reseptdeltakarane vore fysisk aktive minimum ein gong (minst 30 minutt), slik at dei blei svette/andpustne i den siste veka før starten på reseptperioden. Til saman 55 prosent av alle var fysisk aktiv meir enn ein gong denne veka, medan 28 prosent ikkje hadde vore fysisk aktiv i det heile i veka før starten på reseptperioden.
- I alt 26 prosent av reseptdeltakarane var røykjarar. Dei fleste av desse er daglegrøykjarar. Mengda røykarar ligg såleis om lag på gjennomsnittet for landet. Rett nok er gjennomsnittet 23 prosent for aldersgruppa 16-74 år, medan mange reseptdeltakarar var mellom 35 og 64 år. Det betyr at reseptdeltakarane i stor grad tilhøyrer dei aldersgruppene der det flest røykarar i befolkninga sett under eitt.³¹ Mange av reseptdeltakarane hadde røykt tidlegare, men hadde slutta før dei kom med i reseptordninga, ofte lenge før (42 prosent).
- Reseptdeltakarane opplever at dei sjølve har eit sunt kosthald. I alt 26 prosent av reseptdeltakarane opplever eige kosthald som usunt.

Kjelde: Individundersøkinga.


- Heile 74 prosent av legane opplever at ordninga er lagt til rette på ein måte som gir eit godt tilbod til grupper som elles har vanskelig for å komme i gang med aktivitet som behandlingstiltak (jf kapittel 5.4).

Kjelde: Undersøkinga blant legane

Tilbakemeldingane frå legane og brukarane sjølve gir eit samansett bilete av situasjonen for deltakarane på resepten. Det er likevel rimeleg å tolke tilbakemeldingane som uttrykk for at **hovudtyngda av reseptdeltakarane er forbi det første stadiet i stadiemodellen ved oppstart av reseptperioden** (jf kapittel 1.4). For det første er det svært mange som har eit positivt forhold til fysisk aktivitet. For det andre er det mange som allereie var i gang med fysisk aktivitet før resepten. Nesten kvar tredje deltakar melder om at dei hadde vore regelmessig fysisk aktive i meir enn tre månadar.³² Desse er definitivt kome lenger enn til tredje stadium i modellen til Prochaska og DiClemente.

³¹ Kjelde: <http://statbank.ssb.no/statistikkbanken/> Tabell:05307: Dagligrøykare og av-og-tilrøykare, etter kjønn og alder (prosent). 2007.

³² Når dei svarar på dette spørsmålet, presiserer ein ikkje kva som blir lagt i det å vere fysisk aktiv. I det spørsmålet som kjem før dette på skjemaet, skal kvar enkelt ta stilling til om han eller



Figur 6.2. Reseptdeltakarane fordelt etter korleis dei sjølve beskriv eige forhold til fysisk aktivitet. Prosent. (N=186).


Fleirtalet er i ferd med å endre levevanar. Dette gjeld dei som har kome i gang med fysisk aktivitet i løpet av dei siste tre månadane, dei som har planar om å bli fysisk aktive og dei som er noko, men ikkje regelmessig aktive. Til saman utgjer desse 68 prosent av reseptdeltakarane. Det er svært få som både er inaktive og som heller ikkje har planar om å bli aktive. Denne gruppa er så godt som fråverande blant deltakarane.³³ Dei som har møtt til første helsesamtale utan å vere motiverte på førehand, har såleis etter alt å dømme vorte motiverte for endring etter å ha gjennomført denne (jf kapittel 6.2).

Det vil sjølvsagt vere ulike forhold som gjer at den enkelte har vorte motivert til å bli fysisk aktiv. Ein akutt sjukdomstilstand kan vere utløysande. Tilbakemeldingar frå lege om at noverande levevanar gir risiko for sjukdom kan ha same effekt. Begge er eksempel på *utløysande moment for handling* (Mæland 2005). I alt 65 prosent av reseptdeltakarane opplevde at samtalen med legen, då dei fekk resepten, gav dei lyst til endre eigne levevanar (jf kapittel 5.4). Samstundes veit vi at fleire var motiverte for å ta tak i eigne levevanar før dei gjekk til legen. Utan at vi har registrert det systematisk, er det nemleg ikkje


ho har vore fysisk aktiv i minst 30 minutt, slik at han eller ho blei sveitt/andpusten. Det ligg såleis i viss føring i spørjeskjemaet i forhold til kva krav som blir sette for fysisk aktivitet.

³³ Det vi ikkje kan måle direkte her er kor mange som på grunn av første helsesamtale har gått frå å vere i gruppa "Ikkje fysisk aktiv, og ikkje planar om å bli det dei neste 3 månadane" til gruppa "Ikkje fysisk aktiv, men vil bli det dei neste tre månadane". Reseptdeltakarane fekk utdelt spørjeskjema når dei møtte til første helsesamtale.

uvanleg at reseptdeltakarane både via skjema og gruppeintervju, gir uttrykk for at dei sjølve spurde legen om å få resepten.



Figur 6.3. Reseptdeltakarane fordelt etter korleis dei sjølve beskriv eige forhold til røyking. Prosent. (N=183).



Figur 6.4. Reseptdeltakarane fordelt etter korleis dei sjølve beskriv eige kosthald. Prosent. (N=189).

At reseptdeltakarane representerer ei gruppe som er relativt positivt innstilt til å endre eigne levevanar, kan også lesast ut frå deira forhold til røyking og kosthald. Dette gjeld ikkje minst røyking. I alt 42 prosent har slutta å røyke, dei

fleste av desse slutta for lenge sidan. Samstundes er det ei gruppe røykjarar som ikkje har planar om å slutte. Det er såleis i forhold til røyking at ein finn flest personar i reseptordninga som kan plasserast på første stadium i stadiemodellen til Prochaska og DiClemente. Tilbakemeldingane frå ansvarlege for mottakssentralane viser også at røyk er tema som kan vere vanskeleg å ta opp i første helsesamtale (jf kapittel 4.5).

Mange av reseptdeltakarane opplever at dei har eit sunt kosthald.³⁴ Dei fleste som ikkje har det, er i ferd med eller har endra dette alt ved reseptstart. Igjen står reseptdeltakarane fram som relativt motiverte for å gjere grep for å endre egne levevanar.

Sjølv om den enkelte er motivert for å endre egne levevanar, kan han eller ho oppleve behov for hjelp både for å kome i gang med endring og oppretthalde endringstrykket over tid. Også dei som etter alt å døme har kome relativt langt i å endre egne levevanar, slik som dei som har vore regelmessig fysisk aktive i meir enn tre månader, kan ha behov for det tilbodet resepten gir. Dette kan vere personar som treng rettleiing, til dømes for å sikre at aktiviteten er mest mogleg tilpassa helsesituasjonen for kvar enkelt. Det kan såleis vere vanskeleg å seie at dei mest aktive, ikkje tilhøyrrer målgruppa for reseptordninga. Det som er den store **utfordringa er å få tak i fleire av dei inaktive, som i utgangspunktet er lite motiverte for å endre egne levevanar, gitt at ein også ønskjer at ordninga også skal nå desse.**


Kven når reseptordninga?

Oppsummert viser framstillinga så langt i dette kapitlet, at det manglar ei klar avgrensing av kven som tilhøyrrer målgruppa for reseptordninga. Ser ein på dei som blir rekrutterte til ordninga finn ein at ein del av dei som startar i ordninga er til dømes meir fysisk aktive enn kva ein ville forvente. Om vi legg utdanning til grunn, der det ein tendens til at ordninga har ei viss overrekruttering av ressurssterke. Samstundes er det mange av reseptdeltakarane som er ute av arbeidsmarknaden, anten fordi dei er trygda, fordi dei er langtidssjukemelde eller ikkje er i arbeid av andre grunnar. Tilknytinga til arbeidsmarknaden gir ikkje inntrykk av at ressurssterke er overrepresenterte. Mange er derimot i ein situasjon der risikoen for marginalisering, ikkje minst på arbeidsmarknaden, er til stades. Samla gir dette såleis eit samansett bilete av rekrutteringa til reseptordninga.

³⁴ Vurderingane av kva som er sunt kosthald eller ikkje er meir subjektive, enn til dømes vurderingane av røyking. Bruk av meir objektive mål for sunt kosthald hadde kravd ei relativt brei kartlegging av kostvanane til den enkelte, noko som hadde gått ut over rammene og prinsippa for det spørjeskjemaet vi valde å bruke her. Vi merkar oss til dømes at det er fleire tilfelle der kosthald har vore tema for helsesamtalen, samstundes som dei sjølve opplever eige kosthald som sunt. Det kan sjølvsagt vere fleire grunnar til at det er slik. Ein grunn kan vere at ein opplever eige kosthald annleis enn fagfolka på mottakssentralen gjer. Ein annan grunn kan vere at kosthald kan vere tema i helsesamtalen ved nokre av mottakssentralane, uavhengig av kva kosthald reseptdeltakaren har.

6.2 Helsesamtalen som motiveringsarbeid

Helsesamtalen er ein viktig del av motiveringsarbeidet i reseptordninga. Sjølv om mange som kjem til helsesamtalen alt er motivert for å endre levevanar og kanskje også er i ferd med å endre desse, har det i det lokale utviklingsarbeidet vore lagt stor vekt på å utvikle **helsesamtalen som eit positivt og motiverande startpunkt på reseptperioden**. Det har vore arbeidd ut frå prinsipp om at det er viktig at helsesamtalane blir lagt opp slik at brukarane kan gi uttrykk for motførestellingar og bekymringar, at han eller ho kan drøfte informasjonen med helsearbeidaren og at dei konklusjonane ein kjem fram er resultat av ein prosess der brukaren er sterkt delaktig (Prescott og Børtveit 2004). I kva grad ein har lukkast i ein slik prosess kan vise att i kva grad brukarane opplever tilbodet dei har fått som realistisk og tilpassa eigen situasjon. For dei fleste vil det å endre åtferd handle om å sette saman eit puslespel av ulike framgangsmåtar og evner som leier fram til eit vellukka resultat (Barth m.fl 2001). I ein slik prosess vil trua på eiga evne til å følgje opplegget vere avgjerande for utfallet. Mæland (2005) peikar på at i helsefremjande arbeid må både mål og strategiar vere opne for diskusjon og påverknad frå brukarane. Ein føresetnad for slik medverknad er at dei profesjonelle gir frå seg makt og styring, noko som kan vere vanskeleg (ibid). Mykje tyder likevel på at ein **gjennom helsesamtalane i reseptordninga i stor grad har lukkast med å oppnå god kommunikasjon**.



Figur 6.5. Helsesamtalen og dei tilboda brukarane fekk gjennom denne, slik brukarane opplevde det. Prosent.

Brucarane opplever i høg grad møtet med mottakssentralen og gjennomføringa av helsesamtalen som positiv. Nesten alle opplever at samtalen var lagt til rette på ein slik måte at han eller ho fekk fremja egne synspunkt (94 prosent). Vidare opplevde svært mange at helsesamtalen var lagt opp på ein måte som i høg grad

var tilpassa eigen situasjon (88 prosent). Ein har såleis i stor grad lukkast med å få til ein helsesamtale som fungerer etter intensjonen. Brukarane opplevde helsesamtalen som meir tilrettelagt og meir open enn den samtalen dei på førehand hadde hatt med tilvisar. Det er ikkje vesentlege forskjellar mellom korleis brukarane i dei ulike fylka opplever dette. Mellom menn og kvinner er forskjellen først og fremst at kvinnene i noko større grad seier seg heilt einige, der mennene seier seg nokså einige.

Samtalen brukaren har med tilvisar vil som oftast vere ein i ein ordinær legetime. Samanlikna med helsesamtalen på mottakssentralen vil det her vere sett av langt kortare tid. Eit klart fleirtal av brukarane opplevde også samtalen med tilvisar som positiv, forskjellen er at det er endå fleire som opplevde helsesamtalen på mottakssentralen positivt.


Vidare synest det som om mottakssentralen i sterk grad har lukkast **å møte brukarane i den situasjonen der dei er og i forhold til dei behova dei har**. Når heile 90 prosent av brukarane seier at dei fekk eit tilbod som dei opplevde som realistisk å gjennomføre (to prosent ueinige) og 87 prosent opplevde tilbodet tilpassa seg sjølv og eigen situasjon (tre prosent ueinige), er det nærliggande å tolke dette som uttrykk for at dei sjølve opplever at utfallet av helsesamtalen er i samsvar med og tilpassa eigen situasjon.

Også gjennom eigne kommentarar til møtet med mottakssentralen og gjennomføringa av helsesamtalen, er brukarane gjennomgåande positive. Det er rett nok berre 28 som har kommentert ordninga på denne måten. Kommentaraner er nesten udelte positive, både i forhold til helsesamtalen og det møtet dei har fått med opplegget for resepten gjennom denne samtalen:

- *Opplysende og lærerik samtale*
- *Overraska over måten eg vart mottatt på. Et menneske som virkelig forstod meg*
- *Samtalen med fysioterapeut fører til at aktiviteten foregår etter drøftinger mellom oss. På mine premisser*
- *De ansatte er positive og vennlige – avgjørende trivselsfaktor som motiverer*
- *Ble hørt - møtt der JEG var*
- *Positivt møte som gav skikkelig mot til å starte*
- *Flinke til å sjå og ta utgangspunkt i individet*

Det er svært få, nærar bestemt berre to reseptdeltakarar som kom med kritiske kommentarar til eiga oppleving av helsesamtalen. Den eine var kritisk i forhold til at det var sett av for lite tid til samtalen. Den andre følte seg pressa inn i eit opplegg som ikkje var i samsvar med eigen livssituasjon: *Dere må ikke presse på. Vi skal føle at vi greier familie og jobb også*. I det siste tilfellet har ein såleis

i liten grad oppnådd eit resultat i samsvar med intensjonen med slike helsesamtalar.




Figur 6.6. Brukarar som opplever at dei har fått ny kunnskap om tilbod i eigen kommune gjennom helsesamtalen. Prosent.

Brukarane opplever også at helsesamtalen gir **kunnskap om lokale tilbod**. Eit klart fleirtal opplever at dei har vorte betre kjende med høva til å drive fysisk aktivitet i eigen kommune etter fullført helsesamtale (72 prosent er einige i dette). Som forventa, viser individundersøkinga at brukarane i Oppland i større grad enn andre sat att med ei oppleving av at dei gjennom helsesamtalen hadde vorte kjent med høva til å drive fysisk aktivitet i eigen kommune. Det er likevel ikkje meir enn seks prosentpoeng fleire som er einige i denne påstanden i Oppland samanlikna med dei andre fylka og når ein ser på fylkesvise forskjellar blir tala små. Om vi ser på dei som gir uttrykk for at dei er heilt einige i påstanden, er forskjellen noko større (10 prosentpoeng). Det er også eit fleirtal av dei som er i målgruppa for kosthaldskurs eller røykesluttkurs, som gir uttrykk for at dei har vorte betre kjende med høva til å ta slike kurs i kommunen. Det at dei har fått kjennskap til dette, betyr likevel ikkje at alle desse har vorte motiverte til å slutte å røyke eller endre kostvanar.

Vilje til endring som ei følgje av helsesamtalen?

Den endelege testen på om helsesamtalane fungerer, er om dei sporar brukarane til å vere meir fysisk aktive, til å røyke mindre og til å ha eit sunnare kosthald, samt at ein går vidare med eit konkret opplegg for å endre levevanane.



Figur 6.7. Brukarar som opplever at helsesamtalen har motivert dei til å drive meir fysisk aktivitet, til å røyke mindre eller til å endre kostvanar. Prosent.

Helsesamtalane sporar heilt klart til meir fysisk aktivitet blant dei aller fleste reseptbrukarane. I alt **90 prosent opplevde at denne samtalen hadde motivert dei til å drive med meir fysisk aktivitet**. Den sporar også til endringar i kosthald og røykevanar, utan at dette har same omfang som for fysisk aktivitet. Dette er heilt tydeleg, sjølv om vi her har halde utanfor dei fylka som ikkje har lagt opp til eige opplegg for kosthald og røykeslutt i sitt arbeid og dei personane som ikkje er i målgruppa for slike endringar.³⁵ Det er likevel så mange som 64 prosent som blei motiverte til å endre eigne kostvanar gjennom samtalen, medan 52 prosent av røykarane vart motiverte til å røyke mindre. Desse resultatane må vurderast i lys av den strategien fleire av mottakssentralane har valt i møte med eigne brukarar. Tanken har vore å legge størst vekt på endringar knytt til fysisk aktivitet i den første helsesamtalen. Røykeslutt og kosthaldsendring er som oftast også eit tema, men det blir ofte gitt mindre merksemd i helsesamtalen. Det er ei vanleg vurdering at det ikkje alltid er lurt å introdusere for mykje på ein gong. Alt i alt viser dette at **helsesamtalane blir opplevd som motiverande**. Samtalane fyller såleis den funksjonen dei skal i så måte for dei aller fleste.

Spørsmålet til slutt er om den innleiande helsesamtalen materialiserte seg i konkrete opplegg for oppfølging av dei tema som hadde vore oppe til drøfting. I **dei aller fleste** tilfella var resultatet av samtalane at brukarane hadde eit **planlagt opplegg for fysisk aktivitet**. Det var **langt færre** tilfelle der samtalen

³⁵ Ikkje-røykarar og dei som var i ein situasjon der kosthald ikkje var noko relevant tema, kunne svare "passar ikkje" på dei aktuelle spørsmåla.

konkretiserte seg i eit **opplegg for endring av kosthald eller røykevanar**, sjølv om ein tek omsyn til at langt frå alle var i målgruppa for slike tiltak.³⁶

- **91 prosent** av helsesamtalane resulterte i eit **planlagt opplegg for fysisk aktivitet**. Her er det eit klart samsvar mellom motivasjon og faktiske planar.
- **42 prosent** av helsesamtalane der endring av kosthald var eit relevant spørsmål, resulterte i eit **planlagt opplegg for endring av kosthald**. Her er det fleire som har vorte motivert til å endre kosthald, enn dei som har lagt konkrete planar for dette. Ein grunn kan vere at ikkje kommunar har faste tilbod i form av kurs eller liknande.
- **40 prosent** av helsesamtalane der endring av røykevanar var eit relevant spørsmål, resulterte i eit **planlagt opplegg for endring av røykevanar**.

Samla gir dette eit bilete av ein helsesamtale der ein har hatt ein modell å bygge på, der det er lagt ned mykje arbeid i utviklinga av opplegget, der brukarane langt på veg opplever å bli møtt på ein måte som dei opplever som positiv og der samtalane i stor grad fører fram til eit planlagt opplegg for fysisk aktivitet for den enkelte.

6.3 Bruk av testar – skremmande eller motiverande?

WONCA-testen står i det store og heile fram som eit nyttig verkemiddel i ordninga (jf kapittel 4.4). Mange har gode erfaringar med bruk av denne testen. Det er ein **tendens til at svara i den siste testen viser ei stigning i korleis deltakarane opplever den fysiske og psykiske forma si**. Ofte har brukaren ikkje noko minne om kva han eller ho svarte på den første testen og blir positivt overraska når testane blir samanlikna. Testen kan i så måte verke motiverande i forhold til å holde aktivitetsnivået oppe. Både i Vest-Agder og Oppland indikerer gjennomgang av WONCA-skjema ei positiv utvikling (Prosjektrapport for "Aktivitet på resept" 2005-07 i Vest-Agder fylke og Årsrapport Opplandsresepten 2007).

På dei sentralane som brukar UKK-testen er erfaringane jamt over positive (jf kapittel 4.4). Det blir spesielt trekt fram at testen kan vere ein motiverande faktor for brukaren. Det er likevel ikkje alle som kjenner seg komfortable med bruk av UKK-test. I desse tilfella er det gjerne ei vegring mot å målast og frykt for å prestere dårleg som held folk tilbake frå å nytte seg av testen. I ein kommune slutta dei å bruke testen då dei følte at snø og is skapte eit usikkert grunnlag for måling og at brukarane ikkje likte å bli testa på denne måten. Kallings og Lejon (2003) peikar også på at det er mange metodiske problem

³⁶ To av fylka har ikkje integrert røykeslutt og kosthaldsendring i sine opplegg. I tillegg er det mange ikkje-røykarar og ein del som ikkje har behov for å endre kosthald blant reseptbrukarane. Det difor teke omsyn til ikkje-røykarar og dei som svara "passar ikkje" på spørsmål rundt kosthald i helsesamtalen i dei tala som ligg til grunn her.

knytt til det å måle fysisk aktivitet på individnivå. Utsegna under kan vere eit døme på dette:

Vi kuttet det ut (testen) i forhold til at når vi kom til litt usikre perioder med is og snø, så vi at det ga helt feil verdier. Enten det var på første test eller på andre test, så viste det helt feil resultater. Dette var over en periode frå desember og faktisk helt ut i mars.

Nøkkelinformant i kommune

Skilnader i korleis UKK-testane blir oppfatta kan enten sporast tilbake til brukaren eller til korleis testen er integrert i ordninga. Det kan vere ei pedagogisk utfordring å gjere testen til noko positivt og ikkje til ei negativ oppleving. I ein del tilfelle vil skilnadene mellom første og andre test vere tydelegare på WONCA-testen enn på UKK-testen. Det er difor **viktig at det ikkje blir bygd opp for stor forventning hos brukaren i forhold til kor stor effekt UKK-testen skal vise**. Det er vidare viktig at det blir lagt til rette for at vêrforhold ikkje får påverke resultata for mykje.

Bruk av UKK-test kan vere eit nyttig verkemiddel både for deltakar og tilsette ved mottakssentralen. Særlig nyttig er testen i dei tilfella der den viser at deltakaren har oppnådd ei forbetring i reseptperioden, noko som kan verke motiverande. Det bør likevel ikkje leggest for mykje ressursar inn i slik testing, dersom dette går på kostnad av andre viktige element i ordninga. Marcus & Forsyth (2003:42) peikar på at det er viktig å ha ei vid tilnærming til spørsmålet om resultata av ei intervensjon:

“It is our position that health promoters should consider not only measures of physical activity behaviour or physical fitness when assessing the effectiveness of their interventions but also changes in relevant psychological and behavioral mediators of physical activity behavior change.”

6.4 Fråfall

Faktaboks 6.3

Innkallingsrutinar ved mottakssentralane

- 70 prosent av mottakssentralane har fast rutine for innkalling av brukarar som har fått utskrive resept.
- På mottakssentralane som har innkallingsrutine starta 82 prosent (tal frå 2006) av dei som fekk utskrive resept på ordninga. Det er grunn til å tru at fråfallet i denne fasa er vesentlig høgare på sentralar som ikkje har fast innkallingsrutine.
- På sentralar med innkallingsrutine er det vanleg at det tar 2-4 veker frå personen vert tilvist, til første konsultasjon på mottakssentralen.

Kjelde: Kartlegging blant mottakssentralane

Reseptordninga når av ulike grunnar ikkje alle som kunne hatt behov for dei tilboda ei slik ordning gir. I tillegg er det heller ikkje alle av dei som får resept, som følgjer denne opp. Fråfall kan skje i ulike fasar. Enkelte får resept frå legen, men møter ikkje til helsesamtale. Andre kan møte til helsesamtale, men møter ikkje til trening. Også i reseptperioden er det fråfall.

Fråfall i forkant av reseptperioden

Det er særleg vanskeleg å danne seg eit bilete av fråfall i forkant av reseptperioden i dei kommunane der legen ikkje sender **kopi av resepten til mottakssentralen**. I desse kommunane er det rett og slett vanskeleg å få eit klart bilete av kor mange reseptar som vert skrive ut. Respondentar i desse kommunane trudde likevel at det var et stort fråfall av brukarar fre dei var i konsultasjon hos legen til oppstart ved mottakssentral. Enkelte kan oppleve det som ein terskel å kontakte mottakssentralen første gang. Når den ansvarlege ved mottakssentralen heller ikkje veit kven som har fått resept, manglar han eller ho opplysningar som gjer at dei kan kontakte vedkomande for å minne om resepten og avtale tid for samtale. Dermed manglar ein også eit viktig verktøy for å hindre fråfall.


Andre forhold som blir nemnde er omsorgsoppgåver, tidspunkt for trening, reiseavstand, motivasjon og andre aktivitetar.

Motivasjon kan vere ei stor utfordring for fysisk aktivitet. Reseptordninga skal motivere dei som har vanskar med å motivere seg sjølv. Det er likevel **berre sju prosent som nemner at mangel på motivasjon har skapt vanskar for deira deltakinga i reseptordninga.** Når ein først er i gang som reseptdeltakar, synest såleis ikkje motivasjonen vere den største utfordringa.

Refleksjonar rundt kva som gjer det vanskeleg å følgje opp ordning resulterer på ingen måte nødvendigvis i at treningane blir følgt opp. Ei kvinne som opplevde ”dørstokkmila” som vanskeleg, hadde delteke på teninga heile reseptperioden og grunn gav dette på følgjande måte: *P.g.a helsa og trives med å trene egentlig.* Dørstokkmila var tydelegvis overvunnen, i alle høve i reseptperioden. Utfordringane kan vere større og sjå annleis ut når reseptperioden er avslutta.

7.3 Avslutning

Tilbakemeldingane frå brukarar som har gjennomført reseptperioden er svært positive. Det er tydeleg at reseptordninga har betydd mykje for mange. Særleg framhevar respondentane det å bli del av ei gruppe og det fellesskapet dette gir. Mange av reseptdeltakarane er ute av arbeid og for desse vil ordninga kunne tene eit sosialt behov. Gruppa synast å fungere som ei positiv forplikting, som kan vere ein inspirasjon til å stille på trening. Erfaringane frå dei kommunane som har prøvd ut gruppetrening tyder difor på at slik gruppeaktivitet er velegna for å arbeide med endring av levevanar.

Av forhold som har gjort det vanskeleg å følgje reseptordninga blir særleg sjukdom og helseproblem framheva, noko som ikkje er overraskande ut frå at mange har gått inn i ordninga nettopp grunna helseplager.

Kapittel 8 Når reseptperioden er over – kva skjer?

Reseptordninga tek sikte på å legge grunnlag for at deltakarane kan legge om eigen levemåte i ein sunnare retning. Dette gjeld både i forhold til fysisk aktivitet, røykeslutt og kosthald. Gjennom reseptperioden frå brukarane tett oppfølging. Når resepten er avslutta, vil oppfølginga den enkelte får variere. Dei som har gått kosthaldskurs eller røykesluttkurs kan ta med seg nye vanar vidare, eller falle tilbake til gamle. Det same gjeld fysisk aktivitet. Resepten kan ha vore vegen over i anna organisert trening for enkelte. Andre trenar kanskje vidare på eiga hand. Skal reseptordninga innfri i forhold til dei mål som er sette for den, er ein avhengig av at reseptbrukarane tek med seg nye levevanar også etter at resepten er slutt.

8.1 Fysisk aktivitet


Alle reseptdeltakarane har hatt eit tilbod om oppfølging for å kome i gang med fysisk aktivitet i løpet av reseptperioden. Vi har alt sett at ein del alt var regelmessig fysisk aktive eller var i ferd med å legge om levevanar før reseptstart. Ordninga fanga såleis ikkje opp berre personar som var inaktive. Blant reseptdeltakarane var også enkelte som av ulike grunnar hadde behov for å kome vidare i ein endringsprosess som alt var i gang. Somme var i ein oppstartfase og følte at dei trengt hjelp til å kome vidare. Andre hadde tidlegare vore fysisk aktive, men var på grunn av skade eller sjukdom i ein situasjon der dei hadde behov for oppfølging for å finne aktivitet tilpassa eigen helsetilstand. Reseptdeltakarane kan såleis ha ganske forskjellige utgangspunktet for å kome i gang med fysisk aktivitet ved reseptstart.

Sjølv om relativt mange av reseptdeltakarane alt var regelmessig aktive ved reseptstart (jf kapittel 6.1), har det skjedd klare endringar i ettertid:

- Reseptperioden gav ein **klar vekst i tal personar som var regelmessig fysisk aktive**. Medan 45 prosent av deltakarane var regelmessig fysisk aktive veka før dei tok til på resepten, var **73 prosent aktive like etter at reseptperioden var over**. Både dei som hadde vore aktive i meir enn tre månader og dei som var inne i sine første tre månader med regelmessig aktivitet vart vesentleg fleire.
- Det er også ein **stor del av reseptdeltakarane som held fram med regelmessig fysisk aktivitet i dei første seks månadane etter at reseptperioden var over**. Rett nok går den delen av gruppa som er aktive

regelmessig litt ned i løpet av desse seks månadane, men nedgangen er moderat. Det er såleis 68 prosent av reseptdeltakarane som framleis er regelmessig fysisk aktive seks månader etter at dei avslutta reseptperioden. Dei fleste av desse har no vore aktive i relativ lang tid, men enkelte har først kome i gang med overgangen til meir regelmessig fysisk aktivitet siste del av perioden.

- I løpet av perioden som har gått frå reseptstart fram til seks månader etter reseptslutt, er andelen reseptdeltakarar som er regelmessig fysisk aktive **på nivå med den norske befolkninga** sett under eitt. I alt 66 prosent av den norske befolkninga karakteriserer seg sjølve som fysisk aktive (Sosial- og helsedirektoratet 2007).⁴⁰



Figur 8.1. Vurdering av eige forhold til fysisk aktivitet ved start på, i etterkant av og seks månader etter reseptperioden (Ved oppstart reseptperiode N=97. Etter reseptperiode N=97. Etter seks månader N=96).

Relatert til stadiemodellen (jf kapittel 1.4), viser figuren at det har skjedd ei klar forskyving av dei tidlegare reseptdeltakarane frå stadium 2 (inaktive som er motiverte for å endre levevanar) og stadium 3 (dei som ikkje er regelmessig aktive) til dei to øvste stadia, det vil seie der ein alt har lagt om eigne levevanar. Dette er også i samsvar med funn frå ein eigen studie gjennomført i prosjektkommunane i Nordland og Buskerud (Blom 2008). Her blir det påvist ein klar auke i andel reseptdeltakarar som trena minst tre timar i veka etter

⁴⁰ Omnibusundersøkinga som Helsedirektoratet stod bak brukte same metode for å registrere omfanget av regelmessig fysisk aktivitet. I denne omnibusundersøkinga blir det rett nok skilt mellom dei som har lagt om vanane dei siste 6 månadane, medan vi her har justert dette til tre månader, for å kunne ha ein periode som tilsvarar reseptperioden. I forhold til samanlikning av dei som regelmessig aktive og dei som ikkje er det, har derimot ikkje denne forskjellen i målingane noko praktisk betydning.

reseptperioden (frå 22 til 64 prosent). Fleirtalet av reseptdeltakarar (77 prosent) hadde også gått frå eit lågare til eit høgare stadium i stadiemodellen.⁴¹

Endringane i vårt eige materiale kjem også til uttrykk gjennom ein auke i frekvensen på fysisk aktivitet. Veka før resepten var kvar enkelt i gjennomsnitt fysisk aktiv 1,9 gonger. Kravet for å bli rekna som fysisk aktiv var at denne aktiviteten gjekk over minst 30 minutt, slik at ein vart sveitt eller andpusten. Ved reseptslutt hadde dette talet auka til 2,6 gonger. Også i den følgjande perioden var det ein auke i aktiviteten. Seks månader etter reseptslutt, hadde gjennomsnittet auka til 2,7 gonger.⁴² **Så sjølv om tal reseptdeltakarar som var regelmessig aktive hadde gått litt ned i denne siste perioden, hadde andre auka frekvens på sin aktivitet.**

Som kjent frå tidlegare kapittel, har reseptdeltakarane i **Oppland** følgd eit opplegg der ein har vore særleg opptekne av å **legge til rette for å gjere overgangen mellom reseptperioden og aktivitet i etterkant lettast mogleg.** Dette er gjort ved å gjennomføre reseptperioden i tilknytning til eit ordinært treningstilbod. **Spørsmålet er om dette viser att i aktivitetsnivået hos dei tidlegare reseptdeltakarane i Oppland?**

I gjennomsnitt var reseptdeltakarane frå Oppland noko meir aktive før resepten jamført med dei samla tala frå dei tre andre fylka. Medan deltakarane var fysisk aktive i minst 30 minutt 2 gonger i veka før reseptstart i Oppland, var tilsvarende tal for dei andre fylka sett under eitt 1,9. I tida fram til siste registreringspunkt, det vil seie seks månader etter reseptslutt, auka den gjennomsnittlege treningsintensiteten noko meir enn samanlikningsfylka. Medan nivået i Oppland gav eit gjennomsnitt på 2,9 gonger per veke, var gjennomsnittet for dei andre fylka sett under eitt 2,6 gonger. Dermed ser det ut til at **begge modellane, både den Oppland har følgd og den dei andre fylka har følgd, har medverka til eit relativt høgt aktivitetsnivå i perioden etter at reseptordninga var over for den enkelte.**

Når vi ser at reseptordninga fører til auka fysisk aktivitet, er dette i samsvar med erfaringar til dømes frå Sverige (Kallings 2008). I det svenske tilfelle er det påvist at gjennomsnittleg aktivitet per veke auka og at stillesitting blant reseptdeltakarane blir redusert. Tala frå dei fire norske fylka viser at reseptdeltakarane har oppretthalde eit rimeleg høgt nivå på eigen aktivitet, sjølv seks månader etter at reseptperioden var over. Dette er litt overraskande, mellom anna sett i forhold til korleis reseptdeltakarane sjølve vurderte dei utfordringane dei sto overfor ved reseptslutt. Av dei som peikte på konkrete utfordringar, var motivasjon den mest nemnde. Ein av deltakarane som nettopp hadde avslutta resepten uttrykte følgjande: *Jeg må innrømme at når jeg nå må gjøre ting på egenhånd er det ikke like lett. Jeg savner den motiverende gruppa.* Det å avslutte reseptperioden betyr ein ny situasjon for mange. Ein kan forvente

⁴¹ Blom peikar på at låg svarprosent har vore ei utfordring for denne undersøkinga.

⁴² Det er overraskande at dette talet stig i etterkant av reseptperioden. Endringane er likevel små.

mindre personleg oppfølging, også for dei som har kome inn i organisert aktivitet. Andre går over til å trene aleine. Ei kvinne midt i livet som ønskjer meir trening innanfor reseptordninga, oppsummerar utfordringane på ein måte som speglar mykje av det andre også opplever i forhold til utfordringar med å halde motivasjonen etter reseptperioden. Ho nemner tre punkt: *Sette fast treningstidene aleine – ork til å trene – mangler ledere til å finne på aktiviteter/passe på at det jeg gjør er riktig.*

Reseptordninga har ein fast struktur, med treningstider, innhald og oppmøtestad. Evalueringa av reseptordninga i København kommune viser at ein slik fast struktur er viktig for brukaren (Roessler m. fl. 2007). Dei norske reseptdeltakarane opplever det same (jf kapittel 7.2). **Spørsmålet er om reseptdeltakarane også i etterkant av resepten kan gjere seg nytte av støttande strukturar som gjer overgangen frå reseptordninga lettare.** Og den andre sida av dette spørsmålet: **Kva med dei som ikkje har greidd å kome inn i eit mønster med regelmessig aktivitet, er det mangel på støttande strukturar eller andre forhold som er utslagsgivande for dei?**




Figur 8.2. Vurdering av forhold som har medverka til at ein ikkje er regelmessig fysisk aktiv seks månader etter at reseptperioden vart avslutta. Prosent av dei som ikkje er regelmessig fysisk aktive.

Dei som ikkje er regelmessig aktive seks månader etter at reseptperioden vart avslutta, grunngir mangel på aktivitet primært ut frå sjukdom/helseproblem og manglande motivasjon. I alt 73 prosent seier at helseproblem og sjukdom har gjort det vanskeleg å vere fysisk aktiv, medan 55 prosent har opplevd motivasjonsproblem som ei utfordring.

Mangel på støttande strukturar kjem som dei neste på lista over forhold som har medverka til at tidlegare reseptdeltakarane ikkje er fysisk aktive. Det gjeld manglande treningstilbod (23 prosent opplever det som ein av grunnane til at dei ikkje er regelmessig fysisk aktive), mangel på andre å trene saman med (18 prosent nemner dette) og kostnadane i samband med trening (18 prosent nemner dette). Kombinasjonar av desse tre grunnane er ikkje uvanleg. Summert opp er det difor 33 prosent som har nemnt eitt, to eller alle tre av desse tre alternativa. Kvar tredje av dei reseptdeltakarane som ikkje er regelmessig fysisk aktive etter at reseptperioden er over, opplever mangel på støttande strukturar for trening som ei utfordring i forhold til eigen aktivitet.

Dei aktive. Derimot har dei som er aktive, i stor grad ordna seg slik at den fysiske aktiviteten skjer i lag med andre. Dei som driv med fysisk aktivitet utelukkande aleine, utgjer knapt ein fjerdedel av dei tidlegare reseptdeltakarane (23 prosent). Dei andre er anten saman med andre, eller kombinerar det å vere saman med andre og det å vere fysisk aktivitet på eiga hand.




Figur 8.3. Vurdering av sider ved reseptordninga som har medverka til at dei er regelmessig fysisk aktiv seks månadar etter reseptperioden. Prosent av dei som er regelmessig fysisk aktive.

Dei tidlegare reseptdeltakarane gjer seg nytte av ulike treningstilbod. Mest vanleg er å bruke tilbod organisert gjennom kommunen, til dømes gjennom fysaksentralane. I alt 31 prosent deltek i fysisk aktivitet i regi av kommunen, medan 25 prosent går på treningsstudio. Vidare er det 20 prosent som deltek i aktivitetar i regi av lag og foreiningar utanom idrettslaga, medan fem prosent er med på eit tilbod som idrettslag har. Enkelte kombinerer ulike tilbod, ved til dømes å både vere med i tilbod i regi av kommunen og på treningsstudio. For enkelte har reseptordninga også inspirert til etablering av sjølvgåande grupper. Det er såleis elleve prosent som er med i ei eiga gruppe som er danna med utgangspunkt blant tidlegare reseptdeltakarar etter at reseptperioden for deira del er over.

Vi har alt slått fast at det å delta på reseptordninga gir auka fysisk aktivitet. Det er såleis ikkje overraskande at mange også gir uttrykk for at dei opplever at reseptordninga har vore til hjelp med å kome i gang med slik aktivitet (figur 8.3). På grunnlag av konkrete spørsmål, stadfesta 78 prosent av dei som var regelmessig fysisk aktive at det var ein samanheng mellom eigen aktivitet og den motivasjonen som reseptordninga hadde gitt. Vidare er det nesten like mange som opplever at dei gjennom reseptordninga har fått gode treningsvanar og lært å sette pris på fysisk aktivitet på ein slik måte at dette har vore med å legge grunnlag for vidare aktivitet. Ut over dette opnar resepten for å utvide eigne nettverk. I alt 34 prosent opplever at dette hadde hjelpt dei til å oppretthalde eigen aktivitet.

8.2 Røykeslutt og endring av kosthald

Reseptordninga har teke mål av seg å legge til rette for ei ordning som integrerer tiltak for å motivere utsette grupper til å endre levevanar både når det gjeld fysisk aktivitet, røyking og kosthald. Vi har likevel sett at fysisk aktivitet jamt over har fått meir merksemd i arbeidet enn dei andre områda (jf kapittel 4.5 og kapittel 7.2). Det er fleire grunnar til dette. Enkelte av fylka har aktivt valt å konsentrere innsatsen om fysisk aktivitet. Dei som har hatt hovudansvaret for ordninga lokalt, har ofte utdanningar som primært gir kompetanse om fysisk aktivitet (jf kapittel 4.5). Tilgang til ekstern kompetanse på området røyking synast også vere ei utfordring i somme kommunar. Fleire av dei som er ansvarlege for ordninga lokalt har også uttrykt prinsipiell skepsis til å introdusere for mange tema på ein gong. Det blir ofte gitt uttrykk for at fysisk aktivitet er eit naturleg startpunkt. Deretter kan kosthald og røyking reisast som tema i løpet av reseptperioden, både i samtalar på trening, som eigne tema i eigne samlingar eller gjennom tilbod om kurs.




Figur 8.4. Vurdering av eige forhold til røyking ved start på, i etterkant av og seks månader etter reseptperioden (Ved oppstart reseptperiode N=97. Etter reseptperiode N=97. Etter seks månader N=96).

Uansett er det små endringar i vurderingane av eige forhold til røyking blant reseptdeltakarane i løpet av perioden frå reseptstart og fram til seks månader etter at reseptperioden var over. Andelen ikkje-røykarar har auka med knappe to prosentpoeng. Det var vidare ein svak nedgang i gjennomsnittleg røykte sigarettar i reseptperioden. Etter reseptperioden har gjennomsnitt røykte sigarettar igjen auka litt. Derimot er det mange av reseptdeltakarane som har slutta å røyke lenge før dei kom med på reseptordninga. Realtert til stadiemodellen (Prochaska og DiClemente), har fleirtalet av reseptdeltakarane vore gjennom ein endringsprosess. Samstundes er det ei større utfordring i forhold til å nå fram til dei som framleis røykjer. Å nå fram med motivasjonsarbeidet er ei utfordring som følgje av at det blant røykarane er mange som ikkje er motiverte for endring, det vil seie at dei er på stadie 1 i modellen.

Også når det gjeld kosthald, er det relativt små endringar både i reseptperioden og i ettertid. Andelen som opplever eige kosthald som sunt auka med sju prosentpoeng for heile perioden sett under eitt. Med atterhald om den usikkerheita som ligg i eit lite talgrunnlag, synest utviklinga å gå i rett retning.⁴³ Endringane er likevel små.

⁴³ Kommentrarar frå ein del av dei ansvarlege ved mottakssentralane, peikar i retning av at det ikkje er uvanleg at fleire av reseptdeltakarane har ein tendens til å vurdere eige kosthald som sunnare enn det eigentleg er ved starten av reseptperioden. Dei som oppfatar eige kosthald ved reseptstart som sunt, kan såleis revurdere dette etter å ha vore ei stund i ordninga. Slik sett kan endringane i kosthald vere større en kva vi måler her.



Figur 8.5. Vurdering av eige kosthald ved start på, i etterkant av og seks månader etter reseptperioden (Ved oppstart reseptperiode N=97. Etter reseptperiode N=97. Etter seks månader N=96).

8.3 Betra livskvalitet og helse?


Ein viktig føresetnad for å utvikle modellar for fysisk aktivitet, røykeslutt og sunt kosthald, er at dette blir vurdert som eit viktig tiltak for å auke livskvaliteten og betre helsa for ein del av befolkninga som sjølve har vanskar med å endre eigen levemåte i ein sunnare retning. Kallings (2008, 40) har til dømes registrert endringar i livskvalitet og fysisk helse blant svenske reseptdeltakarar etter seks månader i reseptordninga. Om reseptordninga aukar livskvaliteten og betrar helsa til den enkelte er spørsmål som ligg utanfor rammene av vår evaluering. Ein skikkeleg gjennomgang av desse spørsmåla krev eigne tilpassa forskingsopplegg.

Vi har likevel presentert deltakarane på reseptordninga for nokre enkle spørsmål i forhold til korleis dei opplever ulike sider ved eigen livskvalitet og eiga helse seks månader etter at eigen reseptperiode var slutt. Reseptdeltakarane vart utfordra til å sjå dette i forhold til situasjonen slik dei opplevde den før dei kom med på reseptordninga.

- I alt **86 prosent** av dei som fullførte reseptperioden rapporterer at dei har opplevd **gleda ved mosjon** gjennom deltaking i ordninga.
- Det er også ei klar oppleving at deltakinga på reseptordninga har medverka til at den enkelte er i **betre form** seks månader etter reseptslutt, jamført med situasjonen før dei fekk resepten. Det er rimeleg å tenke seg at det her er ein nær samanheng mellom det å kome i form og oppleve gleda ved mosjon. I

alt **74 prosent** seier at dei er i betre form jamført med kva dei var før dei tok til i reseptordninga.

- Også i forhold til eiga helse opplever eit klart fleirtal effekt av deltaking på ordninga. Det er såleis **67 prosent** som melder at dei opplever at dei har fått **betre helse** som følge av opplegget.
- Det er også mange som gir uttrykk for at dei har fått **meir overskot** gjennom å ha vore med i ordninga. I alt **61 prosent** opplever det slik.



Figur 8.6. Opplevde endringar i "livskvalitet" frå reseptstart til seks månader etter reseptslutt. Prosent.

I tillegg til dette er det **47 prosent** som opplever at dei har **fått nye vener** gjennom deltaking på resepten, **43 prosent** har fått **løyst spenningar og stress i kroppen** jamført med slik dei opplevde eigen situasjon ved reseptstart og **34 prosent** gir tilbakemelding om at dei har **gått ned i vekt**.⁴⁴

Mange deltakarar på reseptordninga opplever at deltakinga på resepten har gitt ein helsegevinst. Deltakarane vart utfordra til å ta stilling til i kva grad dei opplevde endringar i eiga helse med tanke på meir spesifikke forhold som blodsukker, blodtrykk og kolesterol. Dette er indikatorar, der reseptbrukarane får konkrete tilbakemeldingar frå eigen lege, utan at vi gjennom ein slik måte å måle det på kan vurdere dei konkrete endringane. I tilbakemeldingane seks

⁴⁴ Spørsmåla er stilt slik at dei som ikkje opplever spørsmålet som relevant, ikkje skal svare på det. Dersom overflødige kilo ikkje er noko aktuelt tema for enkelte, svarar dei ut frå dette, slik at dei blir halde utanfor analysen når det gjeld akkurat dette spørsmålet.

månader etter at reseptperioden var slutt, gav dei tidlegare reseptdeltakarane uttrykk for følgjande erfaringar:

- Av dei 49 reseptdeltakarane som opplevde spørsmålet om blodtrykk som relevant, var **51 prosent** einige (22 prosent heilt og 29 prosent nokså einige) i at dei hadde fått **senka blodtrykk** samanlikna med situasjonen før reseptordninga.
- Av dei 47 reseptdeltakarane som opplevde spørsmålet om blodsukker som relevant, var **57 prosent** einige (21 prosent heilt og 36 prosent nokså einige) i at dei hadde fått **stabilt blodsukker** samanlikna med situasjonen før reseptordninga.
- Av dei 37 reseptdeltakarane som opplevde spørsmålet om kolesterol som relevant, var **43 prosent** einige (19 prosent heilt og 24 prosent nokså einige) i at dei hadde fått **nedsett kolesterol** samanlikna med situasjonen før reseptordninga.

Sjølv om mange opplever endringar i eiga helse, er det få som gir uttrykk for at desse endringane har gitt seg utslag i eigen medisinbruk:

- Det er rett nok berre 51 av reseptdeltakarane som har svara på spørsmålet om eigen medisinbruk.⁴⁵ Av desse er det berre **16 prosent** som var einige (2 prosent heilt og 14 prosent nokså einige) i at dei hadde **reduisert eigen medisinbruk** samanlikna med situasjonen før reseptordninga. Dette er låge tall gitt at eit av måla med Grøn resept ordninga var å få ned bruken av medikamentell behandling. Om ein slik verknad ligg lenger fram i tid enn 6 månadar etter reseptperioden har vi derimot ikkje grunnlag for å seie noko om.

I de kvalitative intervjuer er tilbakemeldingane frå mottakssentralane og brukarane jamt over at dei opplever helsetilstanda som betre ved slutten av reseptperioden samanlikna med då dei starta. Kva som ligg til grunn for den enkeltes vurdering av helse kan variere. Det kan vere fysiske mål som vekt, kondisjon, styrke og blodtrykk. Det kan også vere meir udefinerte storleikar som overskot, livsglede og trivsel. **Wonca-testar mot slutten av reseptperioden viser i mange tilfelle ei auke** på ein del slike parametre. I ein del kommunar blir det likevel trekt fram at det aller viktigaste er at brukaren sjølv opplever å ha fått betre helse. Ein respondent på ein mottakssentral ordla seg slik:

Kanskje har de ikke gått ned i vekt og så videre, men de føler seg bedre. Det er ofte det som betyr noe i forhold til om de for eksempel går tilbake i jobb. Det er mer det som påvirker enn den fysiske formen.

⁴⁵ I alt 36 brukte svarkategorien "passar ikkje" på dette spørsmålet. Ein del av desse kan ha valt dette svaret fordi dei ikkje tek medisin.

8.4 Avslutning

Vi har tidlegare sett at tiltru til at ein sjølv kan medverke i endring av eigen situasjon er viktig i forhold til å halde motivasjonen oppe over tid. Kunnskap og livskvalitet er i så måte svært viktig og er nært knytt til kvarandre. Kunnskap om korleis kroppen reagerer, om turmoglegheiter og oppleving av glede ved å mosjonere er eksempel på dette. Sentralt er det også å styrke sjølvtiliten til dømes i forhold å klare å trene i regnvêr og i ei treningsgruppe. Evalueringa dreier seg difor også om desse forholda. Tre månader er kort tid for endring av levevanar. Det er difor naudsynt at ordninga er i stand til å starte prosessane hos deltakaren, slik at han eller ho kan fortsette arbeidet med endring og til slutt greie å oppretthalde dei nye levevanane i etterkant.

Det er interessant å merke seg at reseptdeltakarane opplever at eiga deltaking i reseptordninga verkar positivt på både livskvalitet og helse. Dette gjeld ikkje berre rett etter at reseptperioden er over, men også eit halvt år seinare. Resultata er indikasjonar på at erfaringane reseptbrukarane har gjort seg, ikkje skil seg vesentleg frå andre erfaringar som er dokumentert gjennom anna forskning på området. Samstundes må det understrekast at dette er spørsmål som må følgjast opp nærare, dersom ein vil ha meir nøyaktige mål av kva resultat deltaking på resepten gir i konkret helsevinst.

Erfaringane frå evalueringa peikar i retning av at det skjer ei klar auke i fysisk aktivitet blant reseptdeltakarane. Dei som fullfører reseptperioden er også i langt større grad fysisk aktive seks månader etter at reseptperioden er over, enn dei som ikkje fullførte eigen reseptperiode. Derimot har deltaking på resepten i liten grad ført til røykeslutt og endring i kosthald, noko som stadfestar inntrykket av at reseptordninga i stor grad er konsentrert omkring fysisk aktivitet.

Kapittel 9 Erfaringar og drøfting

Gjennom det utviklingsarbeidet som er gjort regionalt og lokalt ligg det ei rekke erfaringar. Likeeins ligg det erfaringar med ordninga som gjennom evalueringa har vorte formidla av reseptbrukarane som har prøvd ordninga i praksis og legar som har erfaring med ordninga frå eigen kommune. I dette siste kapitlet blir desse erfaringane oppsummert. Det blir lagt vekt på å få fram dei utfordringane som er avdekka i evalueringa og som ein må ta nærare stilling til om ordninga skal bli noko meir enn ei prøveordning i nokre få kommunar. Somme av desse momenta blir berre løfta fram som aktuelle, medan andre blir drøfta i større breidde.

9.1 Reseptordninga og brukarane - erfaringar

Målsettinga med reseptordninga er at den skal legge grunnlag for at brukarane skal kunne endre egne levevanar. Sett frå brukarperspektiv har ein også lukkast med ordninga ved at:

- Mange brukarar er godt nøgde med den oppfølginga dei får i reseptperioden
- Den fungerer ved at dei som har følgd ordninga er klart meir aktive i etterkant av resepten enn kva dei var før. Dette gjeld både tida rett etter avslutta reseptperiode og eit halvt år etter dette igjen. I tillegg til at ein del reseptdeltakarar alt var i ferd med å bli meir aktive ved reseptstart, vart resepten eit startskot for meir aktivitet for tidlegare inaktive.

Samstundes kunne fleire grupper vore aktuelle i reseptordninga enn dei ein faktisk når.

- I vår eigen studie av brukarane har vi sett på fråfallet blant dei som alt har starta på resepten. I denne gruppa er ofte sjukdom og helseproblem som blir oppgitt som grunn til manglande fullføring av reseptperioden.

I tillegg til dette er det etter alt å døme fleire forhold som både påverkar rekrutteringa til ordninga og som også kan gi større fråfall undervegs i reseptperioden.

- Når potensielle nye reseptdeltakarar ikkje blir rekrutterte til ordninga kan dette til dømes skuldast at tilvisar ikkje presenterer resepten som eit alternativ for dei, at tilbodet om resepten blir avvist eller at dei som har fått resepten ikkje møter på helsesamtale på mottakssentralen.

- Samansetninga av reseptgruppene indikerer klart at det skjer ei "siling" av potensielle deltakarar til ordninga. To grupper er til dømes klart underrepresenterte på reseptgruppene; menn og etniske minoritetar.
- Erfaringar som ansvarlege ved mottakssentralane har gjort peikar også i retning av at enkelte grupper er vanskelegare å rekruttere inn i ordninga og har større sjanse for å falle frå i reseptperioden enn andre. Dette gjeld særleg overvektige og psykisk sjuke.
- Ordninga når etter alt å døme i større grad personar som frå før er motivert til endring eller som alt er i ferd med å endre eigne levevanar, enn dei som er inaktive og som treng særleg oppfølging for å kome over i ein endringsprosess.

Gjennom reseptordninga kan brukarane få tilbod om hjelp til å endre levevanar, ikkje berre med tanke på fysisk aktivitet, men også i form av røykeslutt og endring av kosthald. Medan fysisk aktivitet er ein integrert del av opplegget, gjeld dette ikkje alltid røykeslutt og kosthald. Enkelte tilbyr både informasjon og kurs om røykeslutt og kosthald, medan begge tema også på ulike måtar kan inngå som ein integrert del av det opplegget som reseptgruppene tilbyr.

- Det er relativt få som er i ferd med å endre eigne kostvanar i ein sunnare retning.
- Når det gjeld røyking er det så godt som inga endring å registrere blant reseptdeltakarane. Derimot er det mange av reseptdeltakarane som har slutta å røyke lenge før dei kom med i ordninga.
- Ei utfordring i forhold til tilbod om hjelp til røykeslutt og omlegging av eige kosthald, er tilgang på kompetanse. Dette gjeld ikkje minst i små kommunar.

Slik reseptordninga har vore praktisert til no, er det inga felles forståing av kven som utgjer målgruppa for ordninga. Ved å vere tydeleg på kva grupper ordninga er meint å nå, vil det vere lettare å kommunisere til tilvisarane kven som er aktuelle og kven som ikkje er aktuelle for tilvising.

9.2 Reseptordninga og brukarane – drøfting

Eigne grupper?

Svak deltaking blant menn, personar med minoritetsbakgrunn, overvektige og psykisk sjuke aktualiserer spørsmålet om tilbodet i større grad må innrettast i forhold til at ulike grupper har ulike behov. Dette både for å styrke rekrutteringa til ordninga og for å klare å halde dei som alt har fått resepten inne i ordninga

under reseptperioden. Enkelte overvektige kan til dømes ha negative opplevingar fordi dei har vanskar med å følgje opplegget i gruppetreninga. Det kan vere tungt å vere den som alle ventar på når gruppa er på tur, sjølv om opplegget i gruppa er lagt opp med tanke på å ta vare på personar med ulike føresetnader for fysisk aktivitet. Er då alternativet eigne grupper basert på at deltakarane stiller med forskjellige utgangspunkt?

Det er ulike erfaringar med spesialiserte grupper. I MoRo-prosjektet (Mosjon på Romsås) hadde ein gode erfaringar med eigne grupper for kvinner med minoritetsbakgrunn (Lorentzen m. fl. 2005). Også erfaringar frå Danmark (Müller m. fl. 2007) viser at det i nokre tilfelle kan vere føremålsteneleg med separat gruppetrening for kvinner og menn. Kristiansand lukkast derimot ikkje i sitt forsøk på å opprette ei eiga gruppe for menn (gruppe uavhengig av etnisk bakgrunn). Det var få som melde interesse for å delta i denne gruppa.

Oppretting av spesialiserte grupper er ikkje minst eit kostnadsspørsmål. Legg ein ressursar inn på å opprette fleire grupper i same kommune, kan dette resultere i at sentralen har mindre ressursar til oppfølging ved fråfall eller til oppfølging i etterkant av reseptperioden. I mindre kommunar vil det også vere eit spørsmål om ein har befolkningsgrunnlag som er tilstrekkeleg stort til å ha forskjellige grupper. Ein del små kommunar kan ha vanskar med å rekruttere nok deltakarar til å få opprette ei velfungerande gruppe. Då vil det vere umogleg å tenke seg fleire grupper. Gruppedynamikken er viktig og kan bli borte om gruppene blir mindre og meir einsarta. Det er truleg nettopp gjennom etablering av robuste grupper, der deltakarane inspirerer kvarandre og danner nettverk, at den dynamikken som både gruppeansvarlege og reseptbrukarar opplever ligg.

I kva grad spesialisert grupper kan vere føremålsteneleg, vil etter alt å døme også avhenge av konteksten. Til dømes på Romsås (MoRo-prosjektet), ein bydel med sær mange innvandrarar, var opprettinga av spesialiserte grupper truleg eit naudsynt grep for å få desse med i ordninga.

Integrasjon av røykeslutt og kosthald – steg for steg?

Forholdet mellom fysisk aktivitet, kosthald og røykeslutt som temaområde for reseptordninga, er eit spørsmål både om tilgang på kompetanse og korleis ein kan organisere seg for å gi plass til å sjå dei tre i samanheng. Utfordringa i forhold til det siste spørsmålet ligg først og fremst i at det kan bli tungt dersom reseptdeltakaren skal prøve å endre levevanar på fleire område på same tid. Dette har mellom anna vore løyst ved å bruke fysisk aktivitet som ein start, for seinare å følgje kosthald og røyk nærare opp. Dette kan etter alt å døme vere føremålsteneleg om ein vil nå fram til dei gruppene som har størst problem med å endre levevanar. For denne gruppa vil eit første steg faktisk vere å møte opp, føle verknadane av å vere aktiv, få auka kunnskap og bli ein del av ei gruppe. Erfaringane peikar i retning av at deltaking i reseptgruppa har gitt overskot til og interesse for å arbeide med andre levevanar. Eit eksempel er at spørsmål om

røyking eller kosthald blir aktualisert for den enkelte når reseptdeltakaren blir meir tungpusta i motbakkane enn andre i gruppa.

Fysisk aktivitet er eit velegna utgangspunkt og ein inngang til andre spørsmål om levevanar. Det er likevel nødvendig at det er ein klar plan i forhold til korleis ein kan jobbe for å sikre ein integrasjon av andre temaområda. Her vil strategiar for å sikre tilgang på nødvendig kompetanse vere sentralt.

Det er likevel eit spørsmål om ein har lukkast med dei tiltaka som har vore prøvd ut i forhold til røykeslutt og kosthald. Det er i alle høve eit par indikasjonar i datamaterialet vårt på at ein ikkje i tilstrekkeleg grad er i mål på desse områda. Ein slik indikasjon er at brukarane rapporterer om relativt små endringar når det gjeld røykeslutt og kosthald. Motsvaret til dette kan vere at det er også relativt få av reseptdeltakarane som opplever eige kosthald som usunt, samstundes som mange har stumpa røyken tidlegare. Dermed er potensiale for endring også mindre. Potensiale for endring er likevel ikkje fråverande. Ein annan indikasjon på om ein har lukkast eller ikkje med dei tiltaka som har vore prøvd ut i forhold til røykeslutt og kosthald, er at mange av dei som i første helsesamtale planla eit opplegg anten for å endre kosthald eller røykevanar, ikkje følgde dette opp ved å gjennomføre røykeslutt- eller kosthaldskurs. Det er etter alt å døme ein veg å gå før ein har ei reseptordning der ein i praksis greier å integrere både fysisk aktivitet, røykeslutt og kosthald.

9.3 Utvikling av reseptordninga – erfaringar

Reseptordninga har vore prega av ei utvikling der det har vore lagt til rette for ei lokal forankring og tilpassing av ordninga til lokale forhold. Dei kommunane som har kome lengst i utviklingsarbeidet, er mellom anna prega av:

- At det er personressursar til stades, slik at ansvaret for arbeidet er lagt til bestemte personar.
- At arbeidet er knytt til fagfolk som har tilknytning til etablerte strukturar i kommuneorganisasjonen.
- At det er fleire enn ein person som kan ha ansvar for ordninga, slik at ein sikrar kontinuitet i arbeidet ved permisjonar o.l.
- At opplegget rundt treninga blir tilpassa dei ressursane og fasilitetane som er tilgjengelege lokalt.
- At ordninga blir gradvis utvikla, både på basis av dei erfaringane som ein sjølve gjer seg undervegs og gjennom tilgang til erfaringar frå andre.

- At ordninga er godt forankra hos lokale støttespelarar, både politisk og administrativt i kommunane. Startpunktet for arbeidet med å sikre forankring, er gjennom kommunelege 1.

I tillegg til den lokale forankringa, styrkar eit godt samspel mellom lokalt og regionalt nivå føresetnadane for det lokale arbeidet. Eit godt samspel mellom fylke og kommunane er sentralt for å sikre reseptordninga lokal legitimitet og tilgang på viktige nettverk og kompetanse.

Reseptordninga har røter i ”Grøn resept” som vart etablert som ei nasjonal ordning. Den reseptordninga som er utvikla i fylka og kommunane har fjerna seg frå ”Grøn resept” både i namn og innhald. Så langt er det ikkje etablert ein nasjonal overbygning for den eller dei nye lokale ordningane. Ein slik overbygning vil vere avgjerande for at ordninga skal få større legitimitet.

Reseptordninga krev ressursar. Kommunane som har arbeidd med å utvikle ordninga har hatt tilgang på økonomiske midlar i utviklingsfasen. Enkelte mottaksentralar har også ein avklara situasjon framover, medan andre ikkje har det. Ei ordning som skal dekke alle kommunar, vil krevje ressursar både til utvikling og drift. Kommunar som skal starte opp ordninga vil kunne bygge på erfaringar som alt er gjort i dei kommunane som er i gang. Det vil likevel vere behov for ein utviklingsfase i kvar enkeltkommune, der arbeidet med forankring av ordninga vil vere sentralt, før ei ordning som dette er i ordinær drift.

9.4 Utvikling av reseptordninga – drøfting

Nasjonale føringar

”Det finns i dag ingen exact arbetsmetod som kan kopieras och användas generellt, utan Far-verksamheten måste anpassas för de lokala förutsättningarna (Kallings og Lejon 2003:10)”.

Noko av styrken i organiseringa av den reseptordninga kommunane og fylka har prøvd ut, ligg i gode lokale tilpassingar. Dette kan sikre god forankring lokalt. Desse lokale tilpassingane er difor viktige å ta med seg inn i ei eventuell driftsfase. Geografiske karakteristika, lokalt helsetilbod og potensielle aktivitetsstader er tre forhold som vil variere mellom kommunane. Sjølv om det er viktig å gjere gode lokale tilpassingar bør ein også sjå etter opningar for samordning. Ei felles nasjonal overbygging er truleg viktig for å sikre ordninga gjennomslagskraft.

Lansering av eit felles namn for ordninga vil i så måte vere føremålsteneleg dersom ordninga skal lanserast som ei nasjonal satsing. I dag er det ulike namn på ordninga mellom fylka og i nokre tilfelle også innan eit enkelt fylke. Ordninga går under ni ulike namn i dei fylka som er representerte i evalueringa. I ein nasjonal driftsmodell av ordninga vil ein vere tent med å nytte eintydige omgrep, som alle kjenner innhaldet i. Det er truleg ikkje noko motsetnad mellom bruk av eit sett "nasjonale omgrep" og det å sikre lokal forankring og tilpassing.

Det har vore utveksla erfaringar, både mellom fylke og mellom kommunar, som ein del av det utviklingsarbeidet som er gjennomført. Modum kommune har for mange vore ein referansekommune. Det har også i høg grad vore samordning av arbeidet mellom Buskerud og Nordland. Før lanseringa av ei eventuell nasjonal satsing på reseptordninga vil det truleg vere nyttig å arbeide for ytterlegare samordning. Naturlege område i så måte kan vere; felles malar som eit grunnlag for helsesamtale, standardiserte elektroniske løysingar for å gjere bruken av resepten lettare for tilvisar og informasjonsmateriell som tek opp felles rammer for ordninga.

I overgangen frå prosjekt til ein eventuell driftsfase er det også viktig at Helsedirektoratet er ein synleg aktør. I prosjektfasa fram til no har direktoratet hatt ein rolle som fagleg rådgjevar og koordinator. Fylkesnivået, saman med nokre kommunar, har hatt ei liknande rolle. Dette har vore mogleg fordi det til no er få fylke som har deltatt i ordninga. Kompetansen som er bygd opp i desse fylka og kommunane kan nyttast vidare, men Helsedirektoratet må naturleg nok ha ei synleg rolle. Dette er også viktig i forhold til å sikre at alle dei tre elementa fysisk aktivitet, røykeslutt og kosthald blir sikra plass i ordninga.

Samspel mellom nivåa

Kompetansen på mottakssentralane er ikkje likeleg fordelt på dei tre temaområda fysisk aktivitet, kosttrettleiing og røykeslutt. Kort oppsummert er mottakssentralane godt utrusta i forhold til fysisk aktivitet, ikkje like bra utrusta i forhold til kosthald og relativt svakt utrusta i forhold til røyking. Eit sentralt spørsmål er kor mykje kompetanse tilsette på mottakssentralane skal ha innan dei tre temaområda? Er det realistisk at kvar mottakssentral skal ha god kompetanse på alle dei tre temaa fysisk aktivitet, kosttrettleiing og røykeslutt? Og i kva grad vil ein kunne sikre god kompetanse innan dei tre felta også i små kommunar?

Leijon og Jacobsen (2006) framhever utviklinga av nettverksarbeid som svært viktig i den svenske modellen av reseptordninga. Aktiv nettverkbygging er faktisk eit av kriteria for å få tilskot gjennom ordninga Mål & Mått. Erfaringane er henta frå Östergötland, der aktiviteten er organisert på liknande måte som i Oppland, det vil seie med aktivitet utanfor sentralen. Utvikling av gode nettverk

synest å vere eit sentralt stikkord her. Dette gjeld både nettverkssamarbeid mellom dei såkalla Vårdcentralane og mellom aktivitetsarrangørar. På denne måten sikrar ein at spreiding av informasjon og kompetanseutvikling er satt i system. Også på Vårdcentralen vil det i mange tilfelle vere komplementær kunnskap. Fagpersonane ved Vårdcentralen vil ofte vere legar, sjukepleiarar (ofte spesialiserte), ernæringsfysiologar og organisasjons- og helserådgivarar (beteendevetare). Kombinasjonen av fagfolk gir god kompetanse på sentralen og samstundes som nettverka mellom sentralane gir tilgang på breiare kompetanse enn kvar enkelt har for seg sjølv.

Fleire modellar kan såleis ligge til grunn for å sikre breiare kompetanse ved mottakssentralane. Ein kan skape arenaer for kompetanseheving for dei som er tilsette ved mottakssentralane. Samstundes kan ein sikre at mottakssentralane i større grad kan knytte til seg ekstern kompetanse. I arbeidet med å knytte komplementær kunnskap opp mot sentralane vil fylkesleddet kunne ha ei sentral rolle.

Det er strukturelle forskjellar mellom det norske og det svenske helsevesenet. Potensialet for å kunne utnytte komplementær kompetanse bør likevel også kunne vurderast i norsk samanheng. Det er viktig at dei som arbeidar med ordninga ikkje sit isolert, men at det er ein god kopling til dei andre aktørane i primærhelsetenesta. Organiseringa gjennom FYSAK-sentralane er viktig i så måte. Ein måte å knyte fleire aktørar frå primærhelsetenesta opp mot ordninga kan også vere å opne opp for fleire tilvisarar.

Det kan også vere aktuelt å vurdere i kva grad ein kan nytte seg av kompetansen som er i andrelinjetenesta, altså i spesialisthelsetenesta og på sjukehusa. I denne delen av helsevesenet vil det ofte vere mange personar som kan bidra med kompetanse i forhold til røyk og kosthald. Om ein gjennomfører temasamlingar i etterkant av treninga til reseptgruppene, slik det blir gjort i Nordland og Buskerud, gir dette opning for å hente inn ekstern kompetanse. Å nytte seg av spesialistkompetanse frå andrelinjetenesta på slike samlingar kan vere ein av fleire vegar å gå.

Kurs for brukarar

Spesialisthelsetenesta kan også vere aktuelle når det skal gjennomførast eigne kurs for deltakarar på reseptordninga, til dømes ved at ein lungesjukepleiar ved sjukehuset gjennomfører røykekurs. Gitt at eigne kurs er tilgjengelege, kan ein gjennom dette oppnå ei ”forlenging av reseptperioden” og ei ytterlegare styrking av dei sosiale banda mellom deltakarane. Ved å ha kursa litt ut i reseptperioden vil ein heller ikkje overvelde brukaren med for mye i byrjinga. Ved fleire av mottakssentralane har ein erfaring med å gjennomføre kosthaldskurs eit stykke ut i reseptperioden. Dette fungerte som eit sosialt og fagleg opplegg som kunne kombinerast med hyggeleg matlaging. Dersom alle som deltek på resepten i løpet av eit år skal få tilgang til slike kurs, må det vere

ein viss frekvens på desse. Eit viktig spørsmål i vurderinga av kurstilbod er i kva grad dei forskjellige kursa i realiteten er tilgjengelig for brukarane av reseptordninga. Kor kurset blir halde, arbeidsmetode på kurset, målgruppe og pris er eksempel på faktorar som spelar inn.

9.5 Organisering av ordninga – erfaringar

Gjennom utviklingsarbeidet i reseptordninga er det etablert ein del strukturar og gjort ein del erfaringar som ligg relativt fast og som dei fleste mottakssentralane legg til grunn for eige arbeid.

- Dei fleste deltakarane får tilbod om å delta i eit organisert opplegg som eit første steg på vegen mot å legge grunnlag for endring av eigne levevanar. Med unntak av Oppland er tilbodet som blir gitt organisert som eigne reseptgrupper. Det er mange positive tilbakemeldingar frå brukarane på organiseringa av trening i reseptgrupper. Mange opplever gruppene som fleksible og strukturerande. Det er likevel grunn til å tru at ordninga ikkje når enkelte grupper, fordi det er sider ved eit slikt treningsopplegg som ikkje passar eller fristar alle like mykje.
- Oppland følgjer ein modell der brukarane blir kanaliserte inn i ulike etablerte tilbod lokalt. Når det gjeld brukar erfaringar, har vi ikkje grunnlag for å seie om desse skil seg vesentleg ut i Oppland i forhold til dei andre fylka. Det ser ut til at Oppland i noko større grad enn dei andre fylka fangar opp yngre deltakarar. Samstundes kan det sjå ut til at terskelen for å starte på resepten er noko høgare enn i dei andre fylka. Jamt over er reseptbrukarane frå Oppland meir aktive enn andre før reseptstart, noko som kan vere uttrykk for at ein ved å velje ein slik modell rekrutterer frå ein "sprekare" del av befolkninga. Talmaterialet som ligg til grunn for desse forskjellane er lite, noko som gjer at det her er meir snakk om ei hypotese enn eit konkret funn.
- Etablering av reseptgruppene gir ein fast struktur rundt treninga for den enkelte. Mange føler seg trygge i desse gruppene og gir uttrykk for uvisse for situasjonen etter resepten. Erfaringar viser likevel at det ikkje er uvanleg at reseptbrukarane finn fram til treningsformer i etterkant av resepten der ein slepp å gå over til å trene på eiga hand. Om deltakarane gjennom ordninga blir introdusert for lokale tilbod i løpet av reseptperioden, kan dette vere ein opning for å meistre steget vidare i etterkant.
- Reseptperioden blir til vanleg starta og avslutta med ein eigen helsesamtale. Det er etablert rutinar for dette og erfaringane med slike helsesamtalar synest gjennomgåande å vere gode.

